Artsmangfold: Furu og bjørk er dominerande treslag (furu særleg i øvre og nordre delar, bjørk i austlege og sørlege delar). Stadvis, særleg i eit sentralt parti, finst ein del osp, og det er også einskilde parti med mykje gråor i midtre delar. I tillegg ein del selje og rogn, særleg i nedre og sørlege delar. Ganske sentralt (litt mot søraust) står også ein handfull almetre (NT), medan hassel truleg manglar. Hegg er sparsam. Feltsjiktet er ikkje spesielt rikt, men omfattar m.a. lokalt litt myske, samt fleire vanlege høgstaudeartar. Av lav er lungenever-samfunnet ganske godt utvikla, med mange av dei typiske artane, og i tillegg også noko skorpefiltlav (NT), samt sølvnever og puteglye. Meir interessant er likevel skorpelavfloraen, og dette er ein av dei absolutt beste lokalitetane for knappenålslav i fjordstrøka på Vestlandet. Artar som kvithodenål (NT), kystdoggnål (NT), rustdoggnål (NT), raudhovudnål og dverggullnål er alle til dels ganske vanlege (funne på 10-15 tre kvar), medan rotnål (NT), vortenål, bleikdoggnål (NT) og gråsofbeger (NT) er meir sparsame. Også gammalgranlav-samfunnet er middels godt utvikla, med ein del gammalgranlav, samt artar som vinflekklav og kattedefotlav og på eit par bjørketre også *Arthonia arthonioides* samt eit funn av *Opegrapha ochrocheila* (VU). I tillegg kjem almelav (NT) på gammal alm. Av fattigborksartar blant busk- og bladlav er ikkje så mange spesielle artar funne, men randkvistlav veks på ein bergvegg i øvre delar, som ein av dei vestlegaste stadane i regionen, og skrukkelav finst spreidd. Det er også ein ganske rik flora av mosar på læger her, med ein del både av pusledraugmose, råtedraugmose, råteflak og råteflik. I tillegg kjem m.a. heimose sparsamt på steinblokkar. Av sopp er det ein rik funga av vedbuande artar. Dette omfattar einskilde artar på osp, som vedalgekølle (NT), ospekjuka og småporekjuka, men er særleg godt utvikla på furu. På gamle levande furutre finst både furustokk-kjuka og gulrandkjuka fleire stader. På furulæger er det gjort fleire funn av svartsonkjuka (NT) og flekkkvitkjuka (NT), samt artar som blodkjuka, luggskinn (VU), dråpekjuka (VU), svellekjuka (DD) og tyrikjuka (NT). I tillegg ein del andre barksoppar. Av fugl hekkar truleg kvitryggspett ganske fast, og også flaggspett og svartspett er registrert her. Det same gjeld havørn (helst berre næringssøk) og konglebit (om vinteren).

Bruk, tilstand og påvirkning: Gamle stubbar forekjem spreidd i heile området, og det er ikkje spor etter hogst i nyare tid. Det er tydeleg at hogsten har vore moderat tidlegare òg, då det forekjem relativt rikeleg med furulæger i alle nedbrytingsstadiar, og spreidd med fleire hundre år gamle levande, grove furutre og grove høgstubbar av furu. Det er òg ein god del gamle tre og dautt trevirke av lauvskog, m.a. innslag av uvanleg mykje grov bjørk og ein del osp av til dels store dimensjonar. Skogen er eldst i midtre og øvre delar av lia, og gjennomgåande ein del yngre i nedre delar. Tilsvarande gammal skog er særst sjeldan å finne på Vestlandet, og området har difor ein uvanleg god førekomst av artar knytta til gammal, lite påverka skog.

Fremmede arter: Forvilla gran er så vidt funne innanfor lokaliteten, men hittil svært sparsamt.

Del av helhetlig landskap: Det står også ein del gammalskog m.a. rundt Mulvikknuken, samt vidare vestover på halvøya, slik at lokaliteten absolutt er ein del av eit større landskapsområde med uvanleg god førekomst av gammalskog.

Vegetasjon: Blåbær-utf (A4a)

Gråor-almeskog (D5)

Småbregneskog (A5)

Verdivurdering: Holtan (2006): “Durmålhaugen-Mulvikknuken representerer en av de best utviklede fuktige, gamle lauvskogene/ edellauvskogene i fjordstrøk som er dokumentert på Vestlandet. I tillegg er det god forekomst av gammel furuskog. Mangfoldet av sjeldne og kravfulle gammelskogsarter er uvanlig stort, og favner flere organismegrupper. Lokaliteten har stort innslag av grove, gamle lauvtrær og lokalt også rikelig med dødt trevirke i ulike nedbrytningsstadiar. I øvre deler av området ligger et av de mest verdifulle myr- og våtmarksområdene i regionen, der bare verdien som myr isolert sett vurderes å være av nasjonal verdi. Ut fra dette plasseres lokaliteten i kategori nasjonalt verdifull ***. “


Skjøtsel og hensyn: Det bør ikkje utførast nokon form for inngrep i lia, korkje hogst av furu eller lauvtre (berre ta vekk det som måtte kome opp av gran og andre framande treslag). Også fysiske inngrep som skogsveger og kraftliner vil vere svært skadelege.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 53 art(er) påvist: *Anastrepta orchadensis*, *Arthonia leucopellea*, *Lophozia ascendens*, orrfugl, hvitryggspett, flaggspett, svartspett, gjerdesmett, alm (NT), myske, ospekjuka, blodkjuka, vedalgekølle (NT), gulrandkjuka, svartsonkjuka (NT), furustokkjuka, *Physodontia lundellii* (VU), *Skeletocutis lenis* (NT), småporekjuka, puteglye, fløyelsglye, brun blæreglye, ospeblæreglye, vanlig blåfiltlav, skorpefiltlav (NT), randkvistlav, sølvnever, lungenever, skrubbenever, kystvrenge, grynvrenge, lodnevrenge, grynfiltlav, kystfiltlav, kystårenever, skrukkelav, *Arthonia arthonioides*, vinflekklav, rødhodenål, dverggullnål, vortenål, hvithodenål (NT), gråsobeger (NT), almelav (NT), gammelgranlav, rotnål (NT), rustdoggnål (NT), bleikdoggnål (NT), kystdoggnål (NT), pusledraugmose, røtedraugmose, røteflak, *Lophozia ciliata*.

Litteratur

- Gaarder, G. 1999. Durmålhaugen pukkverk. Konsekvensutredning på tema Naturmiljø. Miljøfaglig Utredning, rapport 1999/23. 28 s.
- Hagen, G. 2000. Kartlegging og verdisetting av naturtyper i Tingvoll kommune. Upubl. hovudfagsoppgåve ved NLH. 216 s. + vedlegg.
- Holtan, D. 2006. Unike skoger - Forslag til vern. Norges Naturvernforbund, skogutvalget. Rapport nr 5/2006. 154 s.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming: Lågurt-hasselkratt

Mosaikk: Totalt 3 naturtype(r) registrert: Rik edellauvskog F01 - Lågurt-hasselkratt F0103 (70%), Rik edellauvskog F01 - Rasmark-almeskog F0113 (20%), Rik barskog F17 - Lågurtfuruskog F1701 (10%).

Feltsjekk: 14.04.1995 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Lokalitetsomtale fyrst innlagt av GGa den 14.03.2002 ut frå egne undersøkingar 14.04.1995. Dette vart gjort tilknytt skogplan for Kanestrøm (1995), og lokaliteten vart lagt inn i Naturbase (BN00016710). Supplement av Geir Gaarder 15.12.2013, basert på feltarbeid same dag, tilknytt kartlegging av kystfuruskog i Noreg, på oppdrag for Fylkesmannen i Hordaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på Straumsnes, nordvest for Kanestraum, i ei bratt li like aust for Sjøhaugen. Det er noko bergveggar i øvre delar og skogkledt rasmark i nedre, sentrale delar. I tillegg ei lita kløft i vest og ei bratt skogslå i aust med lite rasmarkspreg.

Berggrunnen er truleg litt halvrik (kanskje noko eklogitt?). Lokaliteten grenser i stor grad mot anna naturtype i nord og dels aust og vest (litt fattigare lågurtskog) og mot myr og granplantefelt i sør.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Det er for det meste veldrenert mark med lågurtskog med varmekjært preg her. I tillegg små felt med middelsrik kjeldeskosmark i aust (og

kanskje også ved foten av lia i vest - ikkje sjekka i 2013). Bergveggane er dels fattige og dels ganske rike.

Artsmangfold: Lia har mykje hassel. I tillegg litt spreidd furu i øvre delar, samt i sjølve lia både noko alm (NT - berre eit tre i aust, nokre fleire i sentrale delar), selje, bjørk, rogn og gråor (i aust). Feltsjiktet er dels rikt med ein god del myske, sanikkel og lundgrønaks, og i dei rikaste partia i sentrale delar også skogfaks, svarterteknapp, kransmynte, truleg filtkongsllys, ramslauk (berre funnen i 1995), brunrot og skogsalat. Lavfloraen er ganske rik, særleg på bergveggar, der ein i sentrale delar har mykje av sølvnever, samt også kastanjefiltlav (VU - sparsam ein plass), olivenfiltlav (NT - sparsam ein plass), gryn-porelav (sparsam ein plass), rund porelav (sparsam to plassar), kystnever (noko), lungenever, skrubbenever, gryn-filtlav, vanleg blåfiltlav, kystårenever og kystvrenge. I tillegg litt hasselrurlav (NT - sett i nedre delar i 1995, i aust i 2013), vanleg rurlav (i aust), sølvpærelav (sparsam i sentrale delar), Arthonia stellaris (VU - berre funnen i 1995) og bleik kraterlav (VU - på tre almetre). På bergveggane veks det også m.a. noko kveilmose, medan drotningmose vart funne sparsam i aust og det var også noko glansperlemose på berg. Det er opplagt potensial for fleire kravfulle og dels raudlista artar her, m.a. av marklevande sopp.

Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen er i ein optimalfase i nedre delar, medan øvre og austre har mest aldersfase med innslag av grove tre og daudt trevirke. M.a. er fleire av almetrea ganske grove (men ikkje høge og verkar ikkje styva). Det er ein del skader etter hjortegnag på almetrea.

Fremmede arter: Det er planta gran nær inntil og eit par unge grantre har frødd seg inn i lokaliteten.

Del av helhetlig landskap: Eit større felt med lit fattigare lågurtskog som også har ein del verdier ligg rett inntil. I tillegg er det ein større rik edellauvskog litt lenger mot aust.


Verdivurdering: Lokaliteten fekk tidlegare verdi viktig - B. Dette vert no endra til svært viktig - A.

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten er satt av som nøkkelbiotop i ein utarbeidd skogplan for området (Kanestrøm 1996), og burde ut frå det vera teken godt vare på. Det vil vere naudsynt å fjerna frøspreidd gran innanfor lokaliteten år om anna, og ein bør unngå for storvaksen granskog heilt inntil.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 24 art(er) påvist: hvitryggspett, svartburkne, alm (NT), bergfrue, kransmynte, sanikkel, myske, ramsløk, puteglye, brun blæreglye, vanlig blåfiltlav, kastanjelav (VU), blyhinnelav, sølvnever, lungenever, skrubbenever, kystnever, kystvrenge, grynvrenge, lodnevrenge, gryn-filtlav, kystfiltlav, rund porelav, Thelotrema suecicum (NT).

Omtalen gjeld nedre, sørlige lokalitet. Grøn farge viser gammel grense, medan raud strek er revidert lokalitet.



Naturtyperegistreringer

Naturtype:	Gammel boreal lauvskog
Utforming:	Gammel ospeskog
Mosaikk:	
Feltsjekk:	20.01.2013 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning 20.01.2013, med grunnlag i eigen kartlegging av lokaliteten same dag, samt supplement frå tidlegare eigen kartlegging m.a. 21.05.2000. Registreringane har stort sett vore gjort på privat initiativ i fritida. Lokaliteten vart fyrst innlagt 15.03.2002, men er no oppdatert etter nye opplysningar, ny mal og med litt justerte grenser (litt utvida mot nordvest som følgje av grundigare kartlegging).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg søraust for Fjøseid, som ei skrånande hylle rett på innsida av stupa ut mot fjorden. Berggrunnen er stort sett ganske fattig, men kanskje med lokalt litt rikare innslag ut mot stupa. Avgrensinga er stort sett mot stupa i sør, mot fattigare skog med lite lauvinnslag i aust, nord og dels vest. Lokaliteten er litt utvida, i fyrste rekkje mot nord, da det også går ei stripe med til dels rik lågurtskog nestan heilt ned mot sjøen der.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten har flekkvis rik lågurtskog (helst noko over 20%), men det er nok mest svak lågurtskog i overgang mot svak lågurtfuktskog (kanskje ein variant av storbregneskog), småbregneskog/småbregnefuktskog og dels blåbærskog.

Artsmangfold: Viktigaste treslag er nok bjørk og furu, men i tillegg er det noko osp og innslag av både rogn og selje. Også ei alm (NT) står i ein berghammar i øvre delar (og eit daudt tre like inntil). I tillegg noko hasselkratt, stadvis nokså kraftige/gamle ut mot stupa. Feltsjiktet er ikkje spesielt godt undersøkt, men omfattar m.a. litt myske, lundgrønaks og sanikel, samt at også breiflangre er funne i nedre delar. På læger er m.a. råteflak og pusledraugmose funne, og det er

potensial for fleire noko kravfulle artar på daudt trevirke. Også bispelue er funne på morken ospelåg. Det er elles gjort einskilde funn av mønjevokssopp og kantarellvokssopp, samt av gulnande slørsopp, beltebrunpigg og rustbrunpigg. I januar 2013 vart i tillegg ein ringtrast sett her, ein art som er svært sjeldsynt om vinteren i landsdelen. Lungenever-samfunnet finst på bergveggar og særleg lauvtre. Det er ikkje spesielt godt utvikla, men omfattar m.a. lungenever, skrubbenever og vanleg blåfiltlav.

Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen er i aldersfase med spreidd med daudt trevirke. Dette omfattar også einskilde gamle og morkne læger av både osp og furu. Lokaliteten er likevel prega av tidlegare hogst og stubbar er vanlege, samt at det er lite grove, levande tre.

Fremmede artar: Ingen observert.

Del av helhetlig landskap: Berghamrane ut mot Sunndalsfjorden har fleire stader rike hasselkratt og gammal, noko tørr ospeskog som her. Ein bør difor i nokon grad sjå lokaliteten i samband med desse andre lokalitetane (som på undersida av Stordalsnebb og Rottåsberga).

Vegetasjon: Blåbærskog (A4)



Lavurtskog (B1)

Verdivurdering: Lokaliteten er heller liten og ikkje særleg artsrik, men inneheld nokre kravfulle og dels raudlista artar. Den får difor verdi C som lokalt viktig, og ein skal ikkje utelukke at betre undersøkingar gjer grunnlag for høgare verdi.

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten er truleg ikkje truga av inngrep, noko som også er det beste for naturverdiane. Særleg hogst av lauvtre er uheldig.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 8 art(er) påvist: *Hydnellum concrescens*, sanikel, myske, lundgrønnaks, kantarellvokssopp, mønjevokssopp, pusledraugmose, røteflak.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rik edellauvskog
Utforming: Gråor-almeskog
Mosaikk:
Feltsjekk: 27.01.2013 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning 28.01.2013, med grunnlag i eigen kartlegging av lokaliteten 27.01.2013, samt supplement frå tidlegare eigen kartlegging 14.05.1996 saman med Irene Lindblad, sjå Gaarder m.fl. (1997) og Gaarder (2009). Lokaliteten vart fyrst kartlagt som del av nøkkelbiotopkartlegging i skog i Tingvoll i 1996/97 (NB-nr 22) og sidan tilrettelagt for DN-metodikken frå 2007 (NaturbaseID BN00046001). Med feltarbeidet i 2013 er avgrensinga noko betra som følgje av bruk av GPS og flyfoto, samt skildringa oppdatert.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i lia ovafor Åkerfallet, aust for Hafstadvatnet. Det er snakk om ei bratt sør- til søraustvendt li, med innslag av bergvegger og eit bekkesig. Lokaliteten er nokså skarpt avgrensa mot fattigare fjellskog i nord og aust og mot ungskog i sør, meir usikker grense i vest (den vart ikkje gått opp att i 2013).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er dominert av lauvskog og inn mot

berget er det noko alm, medan det er litt blokkmark nedafor i aust. Det er prat om mest høgstaudeskog (dvs gråor-almeskog) og bergveggane verkar til dels intermediære.

Artsmangfold: Det er ganske jamn fordeling mellom bjørk, gråor og alm (NT) i området. I tillegg finst litt hegg, rogn, osp og selje (mest i aust). Feltsjiktet er frodig, med fleire typiske artar for gråor-almeskog, inkludert lerkespore, myske, krattmjølke, skogsvinerot, storklokke og raud jonsokblom. I tillegg er lungenever-samfunnet middels godt utvekla, og også sølvnever og blyhinnelav finst sparsamt. Av meir vanlege artar kan nemnast lungenever, skrubbenever, vanleg blåfiltlav, kystfiltlav, grynfiltrav og kystvrenge. Det er potensial for einskilde kravfulle vedbuande sopp og i det minste narrrepiggsopp (NT) veks her på alm.

Bruk, tilstand og påvirkning: Nokre av osp- og almetrea er ganske grove, men almen verkar ikkje å ha vore styva. Det er stadvis ein del daudt trevirke her, mest av boreale treslag, men også litt av alm. Området ber preg av liten påvirkning i nyare tid, men har nok vore sterkare utnytta før.

Fremmede arter: Gran er planta til dels heilt inntil, men har hittil i liten grad spreidd seg innanfor lokaliteten.

Del av helhetlig landskap: Det er lite slik høgtliggande almeskog i området.

Vegetasjon: Gråor-almeskog (D5)

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi viktig - B, sidan det er ein middels stor, brukbart utvekla og intakt gråor-almeskog.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane vil vere å la skogen få stå urørt. På sikt vil det truleg vere naudsynt å fjerne noko gran inntil området.

Artsliste for lokaliteten


Totalt 16 art(er) påvist: olavsskjegg, alm (NT), vårkål, lerkespore, bergfrue, skogsvinerot, brunrot, storklokke, firblad, brun blæreglye, vanlig blåfiltlav, sølvnever, lungenever, skrubbenever, grynfiltrav, kystårenever.

Litteratur

Gaarder, G. 2009. Tilpassing av nøkkelbiotopar i skog til naturtypekartlegginga i Tingvoll kommune. Miljøfaglig Utredning notat 2009:2. 164 s.

Gaarder, G., Hansen, M. & Lindblad, I. 1997. Nøkkelbiotoper i skog i Tingvoll kommune. Miljøfaglig Utredning, rapport 1997:6. 58 s.

Raud strek viser ny grense, medan grøn strek er gamal grense. Blå prikkar viser funn av interessante og ofte raudlista artar etter turen i 2012.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Gammel boreal lauvskog

Utforming: Gammel ospeskog

Mosaikk: Totalt 4 naturtype(r) registrert: Gammel barskog F08 - Gammel furuskog F0802 (50%), Gammel lauvskog F07 - Gammelt ospesholt F0701 (25%), Gammel lauvskog F07 - Gammel bjørkesuksesjon F0702 (23%), Gammel fattig edellauvskog F02 - (2%).

Feltsjekk: 11.11.2012 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Lokalitetsskildring innlag av Geir Gaarder 11.11.2012, basert på eige feltarbeid same dag tilknytt fritidstur. Lokaliteten vart fyrst kartlagt i 15.05.1996 i samband med nøkkelbiotopkartlegging i skog i Tingvoll (NB-nr 25), sjå Gaarder et al. (1997) og Gaarder (2009). Skildringa er no oppdatert og vesentleg endra som følgje av den nye undersøkinga. Også avgrensning er vesentleg endra (som følgje av bruk av GPS og meir grundige undersøkingar), samt at verdien er heva som følgje av fleire funn av raudlisteartar.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i Svelia søraust for Meisingsetvågen, opp mot Middagshaugen og Torsknyken. Berggrunnen verkar kalkfattig. Dette er ei til dels bratt nord- til nordvestvendt li med litt bergveggar (opptil ca 5 meter høge) i øvre delar, og nedanfor m.a. noko skogkledt rasmark og dels blokkmark. Avgrensinga er ganske skarp mot granplantefelt i nedkant, noko meir gradvis mot fattigare skog med færre element og interessante artar på andre kantar. I øvre delar er det litt skarpare overgang mot den fattigare og meir myrlendte skogen ovanfor brattkanten.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Særleg i nedre og midtre delar er det ein del svak lågurtskog, dels i overgang mot betre utvikla lågurtskog og stadvis små felt med høgstaudeskog. I tillegg er det nok noko småbregneskog og blåbærskog. Mykje av marka er veldrenert, men det er

også svakt utforma dalsøkk med fuktskog. Det er kvalitetar knytt både til gammal ospeskog (25%), gammal bjørkeskog (25%), gammal furuskog (50%) og fragment av gammal edellausvskog.

Artsmangfold: Bjørk er truleg vanlegaste treslag, men det er også jamt med furu, samt noko osp, selje og rogn. I parti i tillegg litt hassel og ein stad veks det også to almetre (NT). Feltsjiktet er ikkje særleg rikt, men det finst stadvis noko myske, samt lokalt artar som skogsalat og krattmjølke på rikare mark, og knerot på fattigare mark. Av lav er det litt lungenever-samfunn på trea, mest artar som lungenever, skrubbenever (også funne på berg), vanleg blåfiltlav, kystfiltlav, grynfiltlav og ulike vrenge-artar. I tillegg vart det på almetrea funne sølvnever og skorpefiltlav (NT). I øvre delar veks litt gubbeskjegg (NT) på gamle furutre, medan kort trollskjegg (NT) vart funne på ein bergvegg i aust. Av skorpelav vart det funne kvithodenål (NT) ved basis av gammal bjørk i nedre delar. Der var det også truleg sukkernål, samt at det vart gjort funn av dverggullnål tre stader i lia. I øvre delar vaks rotnål (NT) på ein gammal furugadd, medan krukkenål var noko meir vanleg. Gammalgranlav er ganske vanleg i lia, medan det berre vart gjort einskilde funn av kattefotlav og vinflekklav. Når det gjeld sopp så vaks truleg narrepiggssopp (NT) på det eine almetreet. På levande furu vart det gjort fleire funn av furustokk-kjuka, samt at det ein plass vaks gulrandkjuka på eit tre. På furulæger vart det gjort spreidde funn av både kjuker og barksopp, inkludert laksekjuka (NT) og tyrikjuka (NT), samt ein mer vanleg art som Antrodia sinuosa.

Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen er tydeleg påverka av tidlegare hogster, med spreidde gamle og ofte grove stubbar, samt også ein og anna furulåg med spor etter øks. Den har fått stå i fred i ein del ti-år og det er no ein del grove og dels gamle tre i lia, særleg av osp og furu, samt at det er ganske jamt med daudt trevirke. Til dels er det snakk om grove læger og det er også innslag av gamle og nokså morkne læger her. I nedkant er det store granplantefelt og det er no jamt spreidd med ungre frøforynga grantre oppover i lia, der mange slike tre står over 200 meter frå nærmaste planta gran.

Fremmede arter:

Del av helhetlig landskap:

Vegetasjon: Blåbærskog (A4)

Storbregneskog (C1)

Lavurtskog (B1)

Verdivurdering: Lokaliteten fekk tidlegare verdi lokalt viktig - C, sidan det da ikkje var kjent spesielt kravfulle eller raudlista artar her. Samtidig vart det vurdert at innslaget av grov og daud osp kunne tilsi høgare verdi. Etter feltarbeidet i 2012 er det klart at verdien skal vere minst viktig - B. Ei rad nær ttruga artar vart funne, knytt til ulike element i lia, og det er tydeleg potensial for fleire raudlistaartar her, også truga artar.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane vil vere å la skogen få stå stort sett urørt. Eit viktig unntak frå dette er systematisk fjerning av all spreidd gran innanfor lokaliteten, som utgjer ein god del plantar. Omfanget av sekundærspreiinga av gran tilseier også at ein bør ta vekk ein del av plantefelta i nedkant og erstatta desse med stadeigne treslag, sidan det verkar vanskeleg å kontrollere spreiinga av gran her.


Artsliste for lokaliteten

Totalt 6 art(er) påvist: myske, vanlig blåfiltlav, lungenever, skrubbenever, grynvrenge, kystfiltlav.

Litteratur

Gaarder, G. 2009. Tilpassing av nøkkelbiotopar i skog til naturtypekartlegginga i Tingvoll kommune. Miljøfaglig Utredning notat 2009:2. 164 s.

Gaarder, G., Hansen, M. & Lindblad, I. 1997. Nøkkelbiotoper i skog i Tingvoll kommune. Miljøfaglig Utredning, rapport 1997:6. 58 s.



Naturtyperegistreringer

Naturtype:	Gammel furuskog
Utforming:	Gammel kystfuruskog
Mosaikk:	
Feltsjekk:	26.01.2013 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning 28.01.2013, med grunnlag i eigen kartlegging av lokaliteten 26.01.2013, samt supplement frå tidlegare eigen kartlegging 08.05.1997 saman med Marit Hansen, sjå Gaarder m.fl. (1997) og Gaarder (2009). Lokaliteten vart fyrst kartlagt som del av nøkkelbiotopkartlegging i skog i Tingvoll i 1996/97 (NB-nr 64) og sidan tilrettelagt for DN-metodikken frå 2007 (NaturbaseID BN00045948). Med feltarbeidet i 2013 er avgrensinga litt betra som følge av bruk av GPS og flyfoto, samt skildringa oppdatert.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på vestre del av Aspøya, i den sørvestvendte lia opp mot Vettafjellet. Det er i stor grad snakk om ei skogslia med litt variert hellingsretning, dels med ei grunn kløft. Tendensar til rasmark finst, og det er litt små bergveggar og steinblokker. Lokaliteten grensar mot ein skogsveg i vest, dels mot fattigare og mindre daud-ved rik skog og dels meir påverka skog i sør og aust, samt mot fattigare fjellskog i nord.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Området har ganske gammal, furudominert skog, noko som har vore avgjerande for val av naturtype, men det er også kvalitetar knytt til gammal ospeskog her. Viktigaste vegetasjonstype er blåbærskog. I tillegg finst litt både av røsslyng-blokkébærfuruskog og lågurtskog (lokalt rike parti).

Artsmangfold: Furu er dominerande treslag. I tillegg er det ein del bjørk, samt litt osp, rogn, selje og hassel, samt innslag av hegg. Feltsjiktet er for det meste ikkje særleg rikt, men myske og

lundgrønaks er funne. Lungenever-samfunnet er ganske godt utvekla, og inkluderer ein del sølvnever og kystnever både på tre og berg. På furustubbe er rotnål (NT) funne. Lokaliteten har godt potensial for kravfulle artar knytt til daudt trevirke og i 2013 vart laksekjuke (NT) funne på ein furulåg etter nyttårsorkanen i austre del.

Bruk, tilstand og påvirkning: Særleg som følge av orkanen i 1992 ligg det til dels mykje daudt trevirke i lia, ikkje minst av furu. Skogen er til dels ganske storvaksen og gammal, men kontinuitet i daudt trevirke er det helst dårleg med. Det går ein ganske ny skogsveg i nedkant av lokaliteten.

Fremmede arter: Det er planta gran i nærleiken, men den har berre så vidt vist teikn til å spreie seg innanfor lokaliteten hittil.

Del av helhetlig landskap: Det finst flekkar med gammal og daudved-rik skog fleire stader i distriktet, om enn ikkje så mykje tilsvarende skog heilt i nærleiken.

Vegetasjon: Røsslyng-blokkebærfuruskog (A3)

Blåbærskog (A4)


Lavurtskog (B1)

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi viktig (B), sidan dette er ein middels stor lokalitet med innslag av fleire kravfulle og dels raudlista artar, og brukbart potensial for fleire slike.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane vil vere å la skogen få stå urørt.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 12 art(er) påvist: myske, puteglye, vanlig blåfyllav, sølvnever, lungenever, skrubbenever, kystnever, kystvrenge, grynfilltav, kystfylltav, gammelgranlav, rotnål (NT).



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Regnskog

Utforming: Fattig boreonemoral regnskog

Mosaikk: Totalt 3 naturtype(r) registrert: Regnskog F20 - Fattig boreonemoral regnskog F2001 (30%), Gammel furuskog F19 - Gammel kystfuruskog F1903 (50%), Gammel boreal lauvskog F07 - Gammel bjørkeskog F0702 (20%).

Feltsjekk: 14.12.2013 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Lokalitetsomtale fyrst innlagt av GGa den 03.01.2009 ut frå feltskjema for nøkkelbiotopkartlegginga i skog i Tingvoll i 1996/97 (NB-nr 73) og lagt inn i Naturbase (ID BN00045918). I tillegg tilrettelegging etter DN-metodikken frå 2007. Lokaliteten har også vorte vitja ut på 2000-talet. Supplement av Geir Gaarder 14.12.2013, basert på feltarbeid same dag, tilknytt kartlegging av kystfuruskog i Noreg, på oppdrag for Fylkesmannen i Hordaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på Aspøya, i ein lun nordaustvendt dal og nokre lisider på autsida av Nipa og nord for Skjelberget. Miljøet her er truleg relativt fuktig, og ein liten bekk har danna ei lita kløft. Det er også små bergvegger her i den sørlege kløfta.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Denne lokaliteten har noko av den mest fuktige, gamle furuskogen som finst i Tingvoll (saman med Djupdalen mv. rett nordafor). Når det i tillegg er innslag av noko hassel med tilhøyrande kravfulle artar, er naturtype regnskog og undertype boreonemoral fattig regnskog naturleg val som naturtype, sjølv om skogtilstand også tilseier at her finst ein del gamal kystfuruskog. Blåbærskog er vanlegaste vegetasjonstype, men det er også ein del bregnerik skog (særleg i søraust) og røsslyng-blokkebærfuruskog (særleg i midtre deler), samt mindre innslag av lågurtskog opp mot åskammen i nord.

Artsmangfold: Furu er dominerande treslag. I tillegg er det litt bjørk, samt sparsamt med rogn,

selje og hassel. Lungenever-samfunnet er ganske sparsamt utvekla, utan spesielt interessante artar, men med ein del lungenever og vrenge-artar, samt m.a. skrubbenever og kystfiltlav, særleg i det frodige lauvskogspartiet i søraust.. Derimot er det ein ganske rik flora av råmekrevjande skorpelav på hassel, inkludert noko sølvpærelav og regnskogslaven gul pærelav (NT). På gamle furutre veks det også kravfulle skorpelav, inkludert svartprikknål, ein sjeldsynt art i regionen. Kattefotlav er funne på bjørk.

Bruk, tilstand og påvirkning: Det er relativt storvaksen og gammal furuskog her, og spreidd med daudt trevirke (til dels konsentrasjonar i midtre delar), både av furu og lauvtre, inkludert morkne læger.

Fremmede artar: Av inngrep er det planta nokre grantre her for ei tid sidan (ganske store tre som står i midtre delar av lokaliteten). Denne har byrja å spreie seg og fleire ungtre vart funne i 2013.

Del av helhetlig landskap: Nordaustlege del av Aspøya har fleire lokalitetar med fuktige hasselkratt med innslag av regnskogsartar, og denne lokaliteten ligg sentralt plassert i dette landskapsområdet.

Vegetasjon: Blåbærskog (A4)

Storbregneskog (C1)

Røsslyng-blokkebærfuruskog (A3)

Lavurtskog (B1)



Verdivurdering: Lokaliteten har ein klar verdi som viktig (B), og dette er ein av dei best utvekla regnskogsmiljøa i kommunen (og regionen).

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane vil vere å la skogen få stå urørt. Unntaket er fjerning av planta gran.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 11 art(er) påvist: gubbeskjegg (NT), vanlig blåfiltlav, lungenever, skrubbenever, kystvrenge, kystårenever, skrukkelav, kattefotlav, svartprikknål, gammelgranlav, gul pærelav (NT).

Die blå prikkane viser raudlistefunn gjort i den nordlegaste delen av lokaliteten i 2013.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Regnskog
Utforming: Fattig boreonemoral regnskog
Mosaikk:
Feltsjekk: 14.12.2013 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Lokalitetsomtale fyrst innlagt av GGa den 03.01.2009 ut frå feltskjema for nøkkelbiotopkartlegginga i skog i Tingvoll i 1996/97 (NB-nr 74). I tillegg tilrettelegging etter DN-metodikken frå 2007. Lokaliteten har også vorte vitja ut på 2000-talet. Supplement av Geir Gaarder 23.11 og 14.12.2013, basert på feltarbeid dei same dagane, tilknytt kartlegging av kystfuruskog i Noreg, på oppdrag for Fylkesmannen i Hordaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på Aspøya, i ein lun nordaustvendt dal og nokre lisider på austsida av Nipa/Sallaupkamman. Miljøet her er truleg relativt fuktig, og ein liten bekk har danna ei lita kløft. Det er også små bergvegger her, særleg i den nordre delen.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Denne lokaliteten har noko av den mest fuktige, gamle furuskogen som finst i Tingvoll (saman med Kvenndalen mv. rett sør). Når det i tillegg er innslag av noko hassel med tilhøyrande kravfulle artar, er naturtype regnskog og undertype boreonemoral fattig regnskog naturleg val som naturtype. Blåbærskog er vanlegaste

vegetasjonstype, men det er også ein del røsslyng-blokkebærfuruskog, samt tendensar til (svak) lågurtskog både i sørlege og nordre del.

Artsmangfold: Furu er dominerande treslag. I tillegg er det noko bjørk, samt sparsamt med rogn og innslag av gråor, osp og hassel. Lungenever-samfunnet er ganske sparsamt utvekla, med puteglye som mest kravfulle art, men det veks også m.a. lungenever og kystfiltlav. Derimot er det ein ganske rik flora av råmekrevjande skorpelav på hassel, inkludert ganske mykje sølvpærelav (NT) og regnskogslaven gul pærelav (NT) på ein del tre (dels ganske talrik på rogn lengst sør). Også *Bacidia caesiovirens* veks det ein del av på rognestammer her. Hasselrurlav (NT) finst fleire stader på hassel, medan vanleg rurlav veks meir sparsamt på rogn. I 2013 vart også den nasjonalt sjeldsynte regnskogslaven *Arthonia stellaris* (VU) funne på to hasselkratt i nordlege del av lokaliteten.

Bruk, tilstand og påvirkning: Det er relativt storvaksen og gammal furuskog her, og spreidd med dautt trevirke, både av furu og lauvtre, inkludert morkne læger.

Fremmede arter: I 2013 vart ei lita gran funne i nordlege del av lokaliteten, frøspreidd frå plantefelt som må ligge minst eit par hundre meter unna.

Del av helhetlig landskap: Nordaustlege del av Aspøya har fleire lokalitetar med fuktige hasselkratt med innslag av regnskogsartar, og denne lokaliteten ligg sentralt plassert i dette landskapsområdet.

Vegetasjon: Blåbærskog (A4)

Røsslyng-blokkebærfuruskog (A3)


Lavurtskog (B1)

Verdivurdering: Lokaliteten har ein klar verdi som viktig (B), og dette er ein av dei best utvekla regnskogsmiljøa i kommunen (og regionen). Berre førekomsten av ein sårbar regnskogslav er grunn god nok til dette.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane vil vere å la skogen få stå urørt. Unntaket er framande arter som gran, som bør fjernast systematisk frå området før dei får spreie seg.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 18 art(er) påvist: hassel, knerot, gubbeskjegg (NT), puteglye, brun blæreglye, lungenever, skrubbenever, grynvrenge, muslinglav, grynfiltilav, kystfiltlav, kattedotlav, *Bacidia caesiovirens*, gammelgranlav, *Pyrenula laevigata*, gul pærelav (NT), *Thelotrema lepadinum*, *Thelotrema suecicum* (NT).



Naturtyperegistreringer

Naturtype:	Regnskog
Utforming:	Fattig boreonemoral regnskog
Mosaikk:	
Feltsjekk:	30.11.2013 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Lokalitetsomtale innlagt av Geir Gaarder 01.03.2014, basert på feltarbeid 30.11.2013. Kartlegginga vart gjort på fritida. Lokaliteten er tidlegare fanga opp som nøkkelbiotop under skogkartlegginga for kommunen (NB nr 90) av Geir Gaarder 12.05.1997, sjå Gaarder m.fl. (1997) for generell omtale. Den ligg inne i Naturbase (ID BN00045926). Som følgje av supplerande kartlegging og betre kartgrunnlag (m.a. bruk av GPS) er avgrensing litt justert i høve til nøkkelbiotopkartlegginga. I tillegg er skildringa omarbeidd i samsvar med nye malar og verdien vesentleg auka som følgje av viktig ny artskunnskap.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordsida av Bjønnahaugen, nord for Storvatnet. Den grenser til ugrøfta myr i nedkant i sør, mot granplantefelt i nordvest, ei grøft i vest, noko uthogd skog i søraust og fattigare skog på knausen i nord. Det er små endringar (litt større i nordvest) som følgje av betre kartgrunnlag. Det er prat om ei sør- til sørvestvendt lita li med nokre små bergveggar.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Truleg er det opprinneleg snakk om ein furudominert skog, men der kulturpåverknad har ført til auka dominans av lauvtre. Lågurtskog er dominerande vegetasjonstype, men det er også noko svak lågurtskog. I tillegg er det innslag av blåbærskog, samt intermediær myrskog. Truleg er det til dels svak høgstaudeskog eller kjeldeskog i nordvest.

Artsmangfold: Feltarbeidet i 1997 gav desse funna: Gråor er vanlegaste treslag i nordre del, men

det er også ein del bjørk, osp og hassel (særleg vanleg i midtre og søraustre del), litt furu, og rogn. Feltsjiktet er ikkje særleg rikt, men m.a. finst noko sanikel og myske. Lungenever-samfunnet opptrer spreidd men med få og berre vanlege artar som lungenever og skrubbenever, samt kystvrenge, vanleg blåfiltlav, kystfiltlav og grynfiltlav. Av størst interesse er skorpelav på hassel, med god førekomst av hasselrurlav (NT), og også sparsamt med sølvpærelav. Dei same artane vart også funne i 2013, men i tillegg vart det registrert både *Arthonia cinnabarina* (VU) og *Arthonia stellaris* (VU) på hassel i området og truleg veks begge to artar på fleire tre.

Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen har litt daudt trevirke, både ståande og liggjande. Det er gamle kjørespor tilknytt skogsdrift i myrkanten, og restar etter trådgjerde vitnar om høgare beitepåverknad tidlegare.

Fremmede artar: Det er planta gran i kantsona til lokaliteten i nordvest.

Del av helhetlig landskap: Rike hasselkratt med fuktkevjande artar finst hist og her i dette landskapet, men det kan sjå ut som om desse åsryggane på nordsida av Storvatnet litt overraskande er eit kjerneområde for oseaniske lav på hassel for regionen.

Vegetasjon: Blåbærskog (A4)

Lavurtskog (B1)

Verdivurdering: Lokaliteten fekk ved vurdering etter kartlegginga i 1997 under tvil berre verdi lokalt viktig - C. Det nye feltarbeidet i 2013 viste at lokaliteten var vekseplass for minst to sårbare artar, noko som aukar verdien vesentleg.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane vil vere å la skogen få stå urørt. Skulle gran spreie seg inn er det viktig å få fjerna trea raskt.


Artsliste for lokaliteten

Totalt 12 art(er) påvist: hassel, skogvikke, sanikel, myske, vanlig blåfiltlav, lungenever, skrubbenever, kystvrenge, grynfiltlav, kystfiltlav, *Pyrenula laevigata*, *Thelotrema suecicum* (NT).

Litteratur

Gaarder, G. 2009. Tilpassing av nøkkelbiotopar i skog til naturtypekartlegginga i Tingvoll kommune. Miljøfaglig Utredning notat 2009:2. 164 s.

Gaarder, G., Hansen, M. & Lindblad, I. 1997. Nøkkelbiotoper i skog i Tingvoll kommune. Miljøfaglig Utredning, rapport 1997:6. 58 s.



Naturtyperegistreringer

Naturtype:	Gammel lauvskog
Utforming:	Gammelt ospeholt
Mosaikk:	
Feltsjekk:	12.05.1997 (siste)

Beskrivelse

Lokalitetsomtale innlagt av GGa den 04.01.2009 ut frå feltskjema for nøkkelbiotopkartlegginga i skog i Tingvoll i 1996/97 (NB-nr 92). I tillegg tilrettelegging etter DN-metodikken frå 2007.

Plassering: Lokaliteten ligg på søraustsida av Høglia, nord for Storvatnet.

Naturgrunnlag: Lisida er stort sett uthogd, men lokalt er det att restar av den gamle skogen, bl.a. i denne sørvendte rasbranten.

Naturtypar: Truleg var det nok mest furudominert skog her, men flatehogst har ført til at det er mykje plantefelt. I den bratte branten har det derimot vorte ståande att litt eldre ospetre og hasselkratt. Dominerande vegetasjonstype er blåbærskog, men det er også ein del lågurtskog og noko røsslyng-blokkebærfuruskog.

Artsmangfald: Osp er vanlegaste treslag, men det er også ein del hassel, furu og bjørk, samt litt rogn og innslag av gråor. Feltsjiktet er ikkje særleg rikt, men myske finst. Av størst interesse er skorpelav på hassel, med noko hasselrurlav (NT) samt funn av sølvpærelav (NT).

Påverknad/bruk: Det er planta litt gran i lokaliteten, og den ligg dels innafor ei hogstflate. Ein skogsveg går på nedsida av lokaliteten.

Verdisetting: Lokaliteten får berre verdi lokalt viktig (C), sidan den er såpass liten og påverka.

Vegetasjon: Røsslyng-blokkebærfuruskog (A3)

Blåbærskog (A4)


Lavurtskog (B1)

Lok. nr. 195 Navarhaugen forts.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane vil vere å la skogen få stå urørt. Unntaket er grana som bør fjernast.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 4 art(er) påvist: hassel, myske, *Pyrenula laevigata*, *Thelotrema suecicum* (NT).



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Gammel furuskog
Utforming: Gammel kystfuruskog
Mosaikk:
Feltsjekk: 14.12.2013 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Lokalitetsomtale fyrst innlagt av GGa den 04.01.2009 ut frå feltskjema for nøkkelbiotopkartlegginga i skog i Tingvoll i 1996/97 (NB-nr 97) og lagt inn i Naturbase (ID BN00045915). I tillegg tilrettelegging etter DN-metodikken frå 2007. Supplement av Geir Gaarder 14.12.2013, basert på feltarbeid same dag, tilknytt kartlegging av kystfuruskog i Noreg, på oppdrag for Fylkesmannen i Hordaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på Gjengsethaugen, mellom Gjengset og Straumsnes kyrkje. Den delvis sørvendte skogen her har stadvis ein del eldre og ganske frodig skog med ein del hassel. Det er innslag av eit par mindre bergveggar i øvre og austre del. Lokaliteten grenser til granplantefelt i aust, meir hogstpåverka skog i vest (der dels ei eldre hogstflate, samt fattigare skog i sør og nord.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Gamal kystfuruskog er nytta som type, men det er overgang både mot rik barskog og gamal lauvskog her. Dominerande natursystemtype er truleg

lågurtskog, men det er også noe fattigare, men like veldrenert skog her (svak lågurtskog og helst også lyngskog). Bergveggane virkar fattige til intermediære.

Artsmangfold: Av treslag finst både furu, bjørk, osp, rogn, selje og hassel, og truleg er det mest av furu og hassel. I feltsjiktet er det stadvis ein del sanikkel og myske, saman med andre lågurtartar. Lungenever-samfunnet er middels godt utvekla (med lungenever, kystfillav, vanleg blåfiltlav m.v., og med sølvnever og puteglye som mest kravfulle artar. Av skorpelav vart vanleg rurlav funne på eit hasselkratt, og også sølvpærelav er funne på hassel her.

Bruk, tilstand og påvirkning: Det er snakk om eldre blandingskog med ein del daudt både ståande og liggjande trevirke, også av furu. Det er ei hogstflate like vest for lokaliteten..

Fremmede arter: Frå plantefeltet i aust har det spreidd seg ein del unge grantre inn i lokaliteten.

Del av helhetlig landskap: Sjølv om mykje er planta til med gran er det framleis att ein del lokaliteter med liknande kvalitetar i landskapet.

Vegetasjon: Lavurtskog (B1)

Verdivurdering: Lokaliteten får under litt tvil berre verdi lokalt viktig (C), sidan den er ganske liten og få spesielt kravfulle artar er funne. Det kan ikkje utelukkast at betre undersøkingar gjev grunnlag for høgare verdi.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane vil vere å la skogen få stå urørt.


Artsliste for lokaliteten

Totalt 11 art(er) påvist: puteglye, vanlig blåfiltlav, sølvnever, lungenever, skrubbenever, kystvreng, grynfilltav, kystfiltlav, kystårenever, *Pyrenula laevigata*, *Thelotrema lepadinum*.

Litteratur

Gaarder, G., Hansen, M. & Lindblad, I. 1997. Nøkkelpoter i skog i Tingvoll kommune. Miljøfaglig Utredning, rapport 1997:6. 58 s.

Grøn farge viser gammel grense, medan raud strek viser revidert grense. Blå prikker er spesielle artstunn.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Gammel boreal lauvskog
Utforming: Gammel bjørkeskog
Mosaikk:
Feltsjekk: 19.01.2013 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Lokalitetsomtale fyrst innlagt den 10.01.2009 ut frå feltskjema for nøkkelbiotopkartlegginga i skog i Tingvoll i 1996/97 (NB-nr 121). Seinare oppdatert omtale av Geir Gaarder den 21.01.2013 etter ny privat tur til dalføret 19.01.2013.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i den nordvendte lia sør for Storvatnet og vest for Herredsdalen. Her kjem det ned ein trang dal med berre eit lite bekkesig i botna. For det meste er det bratte, vegetasjonsklede kanter. Nokre artsfunn indikerer innslag av litt betre berggrunn lokalt, særleg i øvre delar. Lokaliteten er litt redusert nedst, da skogen der verkar ung og til dels treslagsskifta til gran, medan den er mykje utvida mot sør, da kløfta med gammel skog strekker seg lenger den vegen. Avgrensinga er no mot ungskog og plantefelt i nord og elles for det meste mot fattigare skog med mindre daudt trevirke og gamle tre, dels mot snaufjellet i sør.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Ein liten bekk renn ned i dalen, og det er innslag av små bergveggar og tendensar til rasmark. Det er snakk om ein relativt skjerma, fuktig skog med mest boreale lauvtre. Bregnerik skog er vanlegast, men det er også ein god del høgstaudeskog, litt blåbærskog og tendensar til gråor-almeskog.

Artsmangfold: Bjørk er vanlegaste treslag, men det er også ein del furu oppe i den austre lia. I tillegg ein del selje og rogn, litt gråor, samt nokre få tre av både osp, hegg, alm (NT) og hassel. Lungenever-samfunnet er brukbart utvekla, og inkluderer både sølvnever, puteglye og raudlistearten olivenfyllav (VU). På eldre bjørketre veks litt gammelgranlav og kattefotlav og ved

basis av ei gammel bjørk på austsida av dalen vart også kystdøgnål (NT) funne. Ved basis av det eine eldre almetreet veks litt kvithodenål (NT). I eit rikare parti øvst i dalen vart drotningmose funne i ein liten berghammar. Feltsjiktet er frodig og med fleire noko kravfulle artar, som myske, taggbregne, junkerbregne, storklokke og vårmarihand.

Bruk, tilstand og påvirkning: Det har vore hogd litt i nyare tid i nedre delar, med for det meste må skogen reknast som ganske gammal og med ein del dautt trevirke, både av boreal lauvtre, furu, og så vidt av alm. Det er likevel for det meste prat om ferskt til litt nedbrotne læger, og det er dårleg med grove og gamle levande tre her. Nyttårsorkanen i 1992 tok ein del av furuskogen på vestsida av dalen, så der er det no stadvis mykje læger.

Fremmede artar: Lerk har byrja å spreie seg i landskapet og finst særleg som einskilde tre i skoggrensa og ovanfor denne på øversida av dalen, men hittil er ingen tre funne innanfor lokaliteten.

Del av helhetlig landskap: Det er noko eldre, lauvrik skog i denne lisida, så til ein viss grad er nok lokaliteten del av eit større skoglandskap med ein del eldre skog.

Vegetasjon: Blåbærskog (A4)

Småbregneskog (A5)

Storbregneskog (C1)

Høystaudebjørkeskog og -granskog (C2)

Gråor-almeskog (D5)

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi som viktig (B), sidan det er ein middels stor, brukbart utvekla fuktig gammal lauvskog, med innslag av nokre kravfulle og dels raudlista artar.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane vil vere å la skogen få stå urørt.


Artsliste for lokaliteten

Totalt 18 art(er) påvist: junkerbregne, taggbregne, hassel, alm (NT), bergfrue, storklokke, myske, vårmarihand, puteglye, vanlig blåfiltlav, olivenlav (NT), sølvnever, lungenever, skrubbenever, kystvrenge, kystfiltlav, kattedotlav, gammelgranlav.

Litteratur

Gaarder, G. 2009. Tilpassing av nøkkelbiotopar i skog til naturtypekartlegginga i Tingvoll kommune. Miljøfaglig Utredning notat 2009:2. 164 s.

Gaarder, G., Hansen, M. & Lindblad, I. 1997. Nøkkelbiotoper i skog i Tingvoll kommune. Miljøfaglig Utredning, rapport 1997:6. 58 s.



Naturtyperegistreringer

Naturtype:	Rik edellauvskog
Utforming:	Alm-lindskog
Mosaikk:	
Feltsjekk:	01.06.1997 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Lokalitetsomtale innlagt av GGa den 11.01.2009 ut frå feltskjema for nøkkelbiotopkartlegginga i skog i Tingvoll i 1996/97 (NB-nr 125). I tillegg tilrettelegging etter DN-metodikken frå 2007. Med grunnlag i feltarbeid 29.12.2013 og tolking av flybilete i etterkant er avgrensinga nå litt justert (reduset som følge av eldre inngrep i sør). Omtalen er elles ikkje endra (NaturbaseID BN00046011).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg oppe i den bratte lia ovafor riksvegen, nordvest for Kanestraum. Den er ein del av eit større edellauvskogsområde kalt Hundane (lok 39), og ligg i vestre del av denne. Denne storlokaliteten er tidlegare undersøkt av andre, sjå Holten (1979) og Gaarder (1993a). Det er snakk om ei bratt sørvendt li. Det er litt bergveggjar i området, tendensar til rasmark, samt også tendensar til kjeldeprega miljø. Truleg er det eit brukbart kalkinnhald i jorda.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Området har ein rik varmekjær flora og dette er ein av dei best utvikla kusymre-almeskogane i distriktet. Det er også litt blåbær- og småbregneskog innafor lokaliteten, samt lågurtskog.

Artsmangfold: Det er ganske god treslagssblanding med hassel som vanlegaste art. I tillegg ein del bjørk, samt noko både av gran (planta), furu, rogn og alm (NT), samt litt gråor og hegg og nokre tre av selje. Feltsjiktet er rikt og frodig og av spesiell interesse er sparsam førekomst av lundkarse, som einaste kjente vekseplass for arten i Tingvoll (den er generelt sjeldsynt i heile fylket, med under 10 lokalitetar, alle på Nordmøre). I tillegg kjem m.a. ramslauk, jordnøtt,

kransmynte, kusymre og svarterteknapp. Lungenever-samfunnet er middels godt utvekla og inkluderer både sølvnever og puteglye.

Bruk, tilstand og påvirkning: Det er tett granplanting rett i nedkant og dels inne i lokaliteten. Skogen er elles middelaldrande og med sparsamt med daudt trevirke.

Vegetasjon: Vestlig utf / Vestlig utforming (Rødlistebetegnelse) (D4c)

Blåbærskog (A4)

Småbregneskog (A5)


Lavurtskog (B1)

Verdivurdering: Lokaliteten vert her verdsatt som svært viktig (A). Dette fordi den er ein viktig del av ein av dei største og opprinneleg mest verdifulle edellauvskogane i distriktet.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane vil stort sett vere å la skogen få stå urørt, med unntak av at all gran bør fjernast snarast råd. I tillegg er det naudsynt å redusere bestanden av hjort nok til at alma ikkje lenger vert skada av beiting, samt at ny forynging av alm kan kome opp.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 19 art(er) påvist: hassel, alm (NT), lundkarse, bergfrue, svarterteknapp, kransmynte, jordnøtt, kusymre, myske, ramsløk, puteglye, vanlig blåfiltlav, sølvnever, lungenever, skrubbenever, kystvrenge, muslinglav, grynfiltlav, kystfiltlav.



Naturtyperegistreringer

Naturtype:	Rik edellauvskog
Utforming:	Lågurt-hasselkratt
Mosaikk:	
Feltsjekk:	29.12.2013 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Lokalitetsomtale innlagt av Geir Gaarder 29.12.2013, basert på feltarbeid same dag. Kartlegginga vart gjort tilknytt arbeid med handlingsplan for kystfuruskog, på oppdrag for Fylkesmannen i Hordaland og arbeid med inventering av narreglye, på oppdrag for Fylkesmannen i Nordland. Dette var opprinneleg del av ein tidlegare stor naturtypelokalitet kalt Hundane (NaturbaseID BN00046009), som gradvis har vorte splitta opp i mindre delområde (fire slike vart oppretta i 2009 - nr 224-227 på grunnlag av nøkkelbiotopkartlegging i Tingvoll i 1996-97 - NB-nr 126) (NaturbaseID for denne er BN00045910)

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg oppe i den bratte lia ovafor riksvegen, nordvest for Kanestraum. Den er ein del av eit større edellauvskogsområde kalt Hundane (lok 39), og ligg i vestre del av denne. Denne storlokaliteten er tidlegare undersøkt av andre, sjå Holten (1979) og Gaarder (1993a). Avgrensa delområde har ein skogsveg i nedkant og tette granplantefelt på begge sider, medan den gamle storlokaliteten ligg i overkant (det vert litt fattigare der). Lia er ganske bratt og sørvendt, med fleire innslag av små bergveggar og nokre fuktig.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten har nok mest rik lågurtskog, men det er også ein del vekselfuktig, rik skog i overgang mot varmekjær kjeldelauvskog (anslag vert her under tvil sett til 5:4:1).

Artsmangfold: Hassel er dominerande treslag. I tillegg er det ein del bjørk, noko rogn og selje, litt furu, samt gran (planta) i kanten og nokre få tre av alm (NT), hegg og osp. Feltsjiktet er rikt og

frodig og av spesiell interesse er slakkstorr, som einaste kjente vekseplass for arten i Tingvoll (den er generelt sjeldsynt i heile fylket). I tillegg kjem m.a. ramslauk, jordnøtt og kusymre samt i parti mykje lundgrønaks. Lungenever-samfunnet er middels godt utvekla og inkluderer både sølvnever og puteglye. Lengst oppe vart det i 2013 også funne hasselrurlav (NT) på hassel.

Bruk, tilstand og påvirkning: Det er tett granplanting i kantsonar og dels inne i lokaliteten. Skogen er elles middelaldrande til eldre med litt daudt trevirke. Alm har vorte alvorleg skadd og dels drept av hjortegnag her.

Fremmede arter: Det står ein del gran nær lokaliteten, og dei har byrja å spreie seg ut i skogen inntil.

Del av helhetlig landskap: Dette er del av ei større skogsli der det finst meir varmekjær skog lenger aust.

Vegetasjon: Vestlig utf / Vestlig utforming (Rødlistebetegnelse) (D4c)
Lavurtskog (B1)

Verdivurdering: Lokaliteten vart tidelgare verdsatt som svært viktig (A). Dette fordi den er ein viktig del av ein av dei største og opprinneleg mest verdifulle edellauvskogane i distriktet. Denne verdien vert no oppretthalden, særleg fordi det samla sett er prat om ein edellauvskog på eit par hundre dekar her, med spreidd førekomst av raudlisteartar og regionalt kravfulle og sjeldsynte edellauvskogsartar.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane vil stort sett vere å la skogen få stå urørt, med unntak av at all gran bør fjernast snarast råd.


Artsliste for lokaliteten

Totalt 14 art(er) påvist: hassel, jordnøtt, kusymre, myske, ramsløk, kranskonvall, slakkstarr, puteglye, vanlig blåfiltlav, sølvnever, lungenever, skrubbenever, grynfiltlav, kystfiltlav.

Litteratur

Gaarder, G. 2009. Tilpassing av nøkkelbiotopar i skog til naturtypekartlegginga i Tingvoll kommune. Miljøfaglig Utredning notat 2009:2. 164 s.

Gaarder, G., Hansen, M. & Lindblad, I. 1997. Nøkkelbiotoper i skog i Tingvoll kommune. Miljøfaglig Utredning, rapport 1997:6. 58 s.



Naturtyperegistreringer

Naturtype:	Rik edellauskog
Utforming:	Alm-lindeskog
Mosaikk:	
Feltsjekk:	01.06.1997 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Lokalitetsomtale innlagt av GGa den 11.01.2009 ut frå feltskjema for nøkkelbiotopkartlegginga i skog i Tingvoll i 1996/97 (NB-nr 127). I tillegg tilrettelegging etter DN-metodikken frå 2007. Med grunnlag i feltarbeid 29.12.2013 og tolking av flybilete i etterkant er avgrensinga nå litt justert (reduset som følge av eldre inngrep i sør). Omtalen er elles ikkje endra (NaturbaseID BN00046012).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg oppe i den bratte lia ovafor riksvegen, nord for Kanestraum. Den er ein del av eit større edellauskogsområde kalt Hundane (lok 39), og ligg i sentrale, nedre delar av denne. Denne storlokaliteten er tidlegare undersøkt av andre, sjå Holten (1979) og Gaarder (1993a). Det er snakk om ei bratt sørvendt li. Det er relativt mykje rasmark i lokaliteten, og ein større bergvegg.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Området har ein rik varmekjær flora og dette er ein av dei best utvikla kusymre-almeskogane i distriktet. Det er elles ein del åpen rasmark innafor

lokaliteten.

Artsmangfold: Hassel er dominerande treslag. I tillegg er det ein del bjørk, noko rogn og alm (NT), litt osp og nokre få tre av hegg og furu. Feltsjiktet er rikt og frodig med artar som ramslauk, jordnøtt, svarterteknapp og kusymre. Lungenever-samfunnet er svakt utvekla, men inkluderer puteglye.

Bruk, tilstand og påvirkning: Det er ei granplanting mot vest og aust, samt også nokre grantre innafor lokaliteten. Ein sti går gjennom lokaliteten. Skogen er elles eldre med noko daudt trevirke.


Vegetasjon: Vestlig utf / Vestlig utforming (Rødlistebetegnelse) (D4c)

Verdivurdering: Lokaliteten vert her verdsatt som svært viktig (A). Dette fordi den er ein viktig del av ein av dei største og opprinneleg mest verdifulle edellauvskogane i distrikte

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane vil stort sett vere å la skogen få stå urørt, med unntak av at all gran bør fjernast snarast råd. I tillegg er det naudsynt å redusere bestanden av hjort nok til at alma ikkje lenger vert skada av beiting, samt at ny forynging av alm kan kome opp.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 12 art(er) påvist: hassel, alm (NT), svarterteknapp, vårerteknapp, jordnøtt, kusymre, myske, ramsløk, puteglye, vanlig blåfiltlav, lungenever, kystfiltlav.



Naturtyperegistreringer

Naturtype:	Rik edellauvskog
Utforming:	Alm-lindeskog
Mosaikk:	
Feltsjekk:	01.06.1997 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Lokalitetsomtale innlagt av Geir Gaarder 29.12.2013, basert på feltarbeid same dag. Kartlegginga vart gjort tilknytt arbeid med handlingsplan for kystfuruskog, på oppdrag for Fylkesmannen i Hordaland og arbeid med inventering av narreglye, på oppdrag for Fylkesmannen i Nordland. Lokaliteten vart fyrst lagt inn i Naturbase i 2009 på grunnlag av nøkkelbiotopkartlegging i Tingvoll i 1996-97) (NB-nr 129) (NaturbaseID BN00045907). Omtale er no oppdatert og grenser litt endra.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg oppe i lia vest for Hagen på Kanestraum. Ei kraftline går i kanten mot sør, medan det er eit granplantefelt i vest. Det er nokså skarp overgang mot slakere terreng i nordvest, der det ligg ein annan naturtypelokalitet (Hagen nordvest - gammel barskog). I nord/nord aust dels grense mot granplantefelt og dels mot fattigare skog. Lia er sørvendt og bratt, med noko rasmark (med skogkledd) og litt bergveggar i øvre delar.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten har mykje rik lågurtskog, men det finst også litt fattigare svak lågurtskog i overgang mot blåbærskog. I tillegg middels rike bergveggar. Miljøet verkar for det meste veldrenert, men med m.a. litt fuktigare skog i ei trong kløft i nord.

Artsmangfold: Hassel er dominerande treslag. I tillegg finst litt bjørk, gråor og rogn, samt sparsamt innslag av furu, hegg og nokre seljetre. Alm (NT) finst med nokre tre. Feltsjiktet er frodig med innslag av fleire varmekjære artar som jordnøtt, myske, ramslauk og truleg skogstorr, samt ein

del lundgrønaks. Lungenever-samfunnet er svakt utvekla, men inkluderer puteglye og meir vanlege artar som lungenever og vanleg blåfyllav. På den største, attlevande alma vart både kvithovudnål (NT) og bleik kratetlav (VU) funne. Det er litt potensial for krevjande, marklevande sopp her, men marka verkar ikkje særleg kalkrik.

Bruk, tilstand og påvirkning: Det høge innslaget av hassel indikerar her tidlegare meir omfattande utnytting. Det er da også fleire restar etter gamle gjerde innafor området. I tillegg skjer som nemnt ei kraftline gjennom lia her. Hasselkratta er ganske store og kraftige, og det er litt daude stammar.

Fremmede arter: Det står ein del gran nær lokaliteten, men har hittil i liten grad spreidd seg inn i området.

Del av helhetlig landskap: Dette er del av ei større skogsli der det finst meir varmekjær skog lenger vest.

Vegetasjon: Vestlig utf / Vestlig utforming (Rødlistebetegnelse) (D4c)

Lavurtskog (B1)

Blåbærskog (A4)

Verdivurdering: Lokaliteten fekk tidlegare verdien viktig - B. Lokaliteten får no høg verdi på storleik og elles stort sett middels verdi på andre parametere. Under tvil vert verdien viktig - B oppretthalden, men det kan vere at den er høgare.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane vil stort sett vere å la skogen få stå urørt. Rydding av kraftlinegata bør skje med stor varsemnd, og helst slik at ein ikkje hogger meir hassel enn høgst naudsynt. Sprøyting bør ikkje skje.


Artsliste for lokaliteten

Totalt 11 art(er) påvist: grønnspett, gulsanger, hassel, jordnøtt, sanikel, myske, ramsløk, skogstarr, puteglye, lungenever, grynfillav.

Litteratur

Gaarder, G. 2009. Tilpassing av nøkkelbiotopar i skog til naturtypekartlegginga i Tingvoll kommune. Miljøfaglig Utredning notat 2009:2. 164 s.

Gaarder, G., Hansen, M. & Lindblad, I. 1997. Nøkkelbiotoper i skog i Tingvoll kommune. Miljøfaglig Utredning, rapport 1997:6. 58 s.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Slåttemark
Utforming: Frisk fattigeng
Mosaikk:
Feltsjekk: 07.08.2011 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Skildringa er skriven av Øystein Folden 10.11.2010, basert på eige feltarbeid 19.09.2009, no lett revidert 02.04.2013 etter nytt besøk 07.08.2011.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på Eikremsætra 4 km aust for Eikrem og litt nordvest for Herresdalsvatnet, på ein rygg i terrenget. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og i klart oseanisk seksjon O2. I følge berggrunnskartet er det i området diorittisk til granittisk gneis og migmatitt. Avgrensinga er basert på GPS og flyfoto (betre enn 5 m). Mot vest har det vore granplantefelt på tidlegare slåttemark, elles grenser lokaliteten mot gamal setervoll som ikkje har vore slått på mange år.

Naturtypar, utforminger og vegetasjonstypar: Naturtypen er slåttemark, utforminga er frisk fattigeng, vegetasjonstype G4a vanleg utforming.

Artsmangfald: I 2009 var det berre gjort to artsregistreringar: fiolett greinkøllesopp (VU) med 12 fruktlekamer og ein gul småkøllesopp, gultuppet småkøllesopp eller liknande. Det blei observert

fleire artar beitemarksopp, men ingen blei bestemt. Ved besøk 2011 blei det mellom anna notert bakkesoleie, blåklokke, engfrytle, engkvein, engsyre, finnskjegg, gulaks, legeveronika, myrfiol, ryllik, smalkjempe, slåttestarr, sølvbunke og trådsiv. Vidare fiolett greinkøllesopp (VU) - 2 mycel, mørkskjellet vokssopp (VU), honningvokssopp, kantarellvokssopp, grå vokssopp. Entoloma finst, men er ikkje bestemt.

Bruk, tilstand og påverknad: Eikremssetra kan ha vore i bruk alt før svartedauden og då som gard (Nemnt i Aslak Bolt si jordebok). Setra var i bruk til kring 1940. Garden hadde to setre og denne var den næraste til garden. Areala blei den gongen slått, og elles var det beite med storfe, geit og periodevis hest i alle fall. I setertida begynte slått kring 3. august, lett å huske sidan tidlegare eigar hadde denne dato som fødselsdag. I setertida blei gjødsla frå seterfjøset spreidd på slåttemarka ved setra. Då var det også noko sig frå fjøset, og desse kan ein sjå spora etter framleis. Den seinare tida har arealet vore utan gjerde, og sau på utmarksbeite har gått i området. Arealet blir dessutan slått dei fleste åra, i månadskiptet juli-august, og avlinga blir tørka og tatt bort. Det blir ikkje gjødsla. Arealet må reknast å vere i god hevd. Granskogen vest for lokaliteten blei hogd våren 2011. Det er veg omtrent heilt fram som letter skjøtsel, og eigar er innstilt på å halde fram med noverande skjøtsel. (Kjelde: Grunneigar Jon Eikrem, pers. med.).



Framande artar: På nærliggande areal er det planta gran som vil spreie seg ved høve.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten er ein av fleire setre som samla utgjer Eikremssetra. Dei andre setervollane har ikkje vore slått på lenge og dei biologiske verdiane som er direkte knytt til slåttemark finst nok berre igjen på den prioriterte lokaliteten. Skogen rundt er prega av aktivt skogbruk og treslagskifte og representerer no ei anna ramme enn det som har følgd lokaliteten gjennom hundrevis av år.

Verdivurdering: Det er her tale om ein lokalitet som har vore i hevd truleg gjennom hundrevis av år, med funn av to raudlista beitemarksopp (VU). Lokaliteten er framleis lite undersøkt, og potensialet for å finne krevjande artar, særleg beitemarksopp er rekna å vere til stades. Verdien er framleis sett til viktig – B, men verdien kan bli auka ved nye funn.

Skjøtsel og hensyn: Skjøtsel i form av sein slått og borttaking av avling i den grad avlinga ikkje blir beita må halde fram. Området må ikkje gjødslast. Det vil vere fordelaktig om det ikkje kjem ny, høg vegetasjon der det tidlegare sto granskog vest for lokaliteten.

Omtala lokalitet er den med raud strek, dei andre er tidlegare registrerte lokalitetar som alt ligg i Naturbase (og der grensene tydelegvis burde ha vorte noko forbetra).



Naturtyperegistreringer

Naturtype:	Rik edellauvskog
Utforming:	Lågurt-hasselkratt
Mosaikk:	
Feltsjekk:	26.01.2013 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning 28.01.2013, med grunnlag i eigen kartlegging av lokaliteten 26.01.2013, tilknytt ein fritidstur i området.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg like inntil ein stor bygning som høyrer til gardsbruket Skjevlingen og da rett på austsida av vegen her. Det er prat om ein bratt, liten sørvendt skråning, der lokaliteten grenser skarpt mot forstyrra mark i sør og vest, mot berghammaren i nord og mot meir påverka og dels fattigare skog i aust.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Det er for det meste ganske rik lågurtskog og intermediære bergveggar her.

Artsmangfold: Nokre almetre (NT) veks det her, samt ein god del hassel. I tillegg litt boreale treslag som bjørk og selje. I feltsjiktet i det minste myske. På bergveggar og dels tre veks artar i lungenever-samfunnet som lungenever, sølvnever (dels mykje), kystvrenge, blyhinnelav og vanleg blåfyllav.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten er nokså ruskete og prega av å ligge heilt inntil eit gardsbruk. Det står likevel fleire eldre almetre og middels kraftige hasselkratt her. Også einskilde læger finst.


Fremmede arter: Ingen spesielle vart sett.

Del av helhetlig landskap: Slike små (helst litt større enn dette), rike skogflekkar med mykje hassel og kanskje litt alm er eit typisk trekk for sørvendte lier på Straumsnes. Slik sett verkar lokaliteten heilt klart å vere del av eit større, heilskapleg landskap.

Verdivurdering: Lokaliteten er liten og hittil er alm einaste raudlistearart som er påvist. I tillegg er den noko påverka av nærleiken til eit gardsbruk. Verdien vert difor inntil vidare berre sett til lokalt viktig (C), men ein skal ikkje sjå bort frå at t.d. sjekk av marklevande sopp til hausten gjev grunnlag for høgare verdi.

Skjøtsel og hensyn: Det beste er stort sett å la lokaliteten få ligge i fred, der det særleg er viktig å skjerme almetre og hasselkratt for uheldige tiltak.

Omtala lokalitet er den med raud strek, dei andre er tidlegare registrerte lokalitetar som alt ligg i Naturbase.



Naturtyperegistreringer

Naturtype:	Gammel boreal lauvskog
Utforming:	Gammel bjørkeskog
Mosaikk:	
Feltsjekk:	26.01.2013 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning 28.01.2013, med grunnlag i eigen kartlegging av lokaliteten 26.01.2013, tilknytt ein fritidstur i området.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på austsida av Vetafjellet på Aspøya, i lisida ned mot Faksvågen. Det er prat om ein liten bekkedal, der avgrensa lokalitet går frå bekken og opp lisida mot sør, medan det er uthogd skog på nordsida. Grensa i aust er mot nokre planta grantre, medan det er litt diffus grense mot starten av kløfta i vest.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lia har nok helst mest storbregneskog, men truleg også noko høgstaudeskog og kanskje litt småbregneskog.

Artsmangfold: Dette er ein blandingskog med mykje bjørk, men også ein del rogn, litt furu, einskilde seljetre og noko gråor langs bekken. På trea veks lungenever-samfunnet noko sparsamt, med artar som lungenever, kystfiltlav og vanleg blåfiltlav. På nedre del av gamle lauvtre (helst bjørk) er det eit par stader noko gamalgranlav og kattedotlav. Det er eit lite potensial for fleire noko fuktkevjangende, kystbundne kryptogamar her. For øvrig vart ei kattugle skremt opp frå dagleiet da lokaliteten vart vitja.

Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen må seiast å vere i aldersfase, men det er ein del daudt trevirke som vitnar om overgang mot oppløysing av bestandet einskilde stader. Nokre av trea har brukbar storleik, sjølv om ingen er utprega grove. Det er omlag snauhogd rett på nordsida av bekken.


Lok. nr. 253 Mørkedalen på Aspa forts.

Fremmede arter: Det er planta gran rett inntil lokaliteten i aust.

Del av helhetlig landskap: Fuktig, eldre kystlauvskog finst fleire stader ute på Straumsnes-halvøya.

Verdivurdering: Lokaliteten er ikkje så stor og hittil utan funn av raudlisteartar eller andre særleg kravfulle artar. Den har likevel ein del klare kvalitetar knytt til fuktig, eldre kystlauvskog og får difor ein klar verdi som lokalt viktig (C).

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er stort sett å la lokaliteten ligge i ro, men ein bør bli kvitt planta gran her, slik at dette framande treslaget ikkje spreier seg.



Omtala lokalitet er den vestre av desse to.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Gammel furuskog

Utforming: Gammel kystfuruskog

Mosaikk: Totalt 3 naturtype(r) registrert: Gammel barskog F08 - Gammel furuskog F0802 (90%), Rik edellauvskog F01 - Gråor-almeskog F0106 (5%), Gammel lauvskog F07 - Fuktig kystskog F0703 (5%).

Feltsjekk: 18.11.2012 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning 17.02.2013, med grunnlag i eigen kartlegging av lokaliteten 11.01.2009 og 18.11.2012, tilknytt fritidsturar i området.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg søraust for Treeikreim, på vest- og nordsida av den skogklede Storrundhaugen. Her er det til dels bratt li med bergveggar mot vest og litt slakare li mot nord. Berggrunnen verkar stort sett kalkfattig. Lokaliteten er avgrensa nokså skarpt mot ungskog i vest, litt meir utydeleg mot yngre skog i nord og mot fattigare skog uthogd for lang tid tilbake i søraust.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Oppe på høgda er det nok mest fattig blåbær- og dels røsslyngfuruskog, ofte av fuktutformingar. Nedover i lisa mot nord er det helst mest småbregneskog, medan det dels er innslag av lågurt- og høgstaudeskog mot vest. Bergveggane

verkar fattige til intermediære.

Artsmangfold: Furu er dominerande treslag, særleg oppe på kollen. Det er også mest furu i den nordvendte lia, men med noko innslag av lauvtre som bjørk og rogn, medan lauvinnslaget er høgare mot vest, og der kjem det også inn osp og så vidt alm (NT) og hassel. Feltsjiktet er ikkje særleg rikt, men i den vestvendte lia er det lokalt litt varmekjære artar som myske. Lungenever-samfunn finst, men heller ikkje det særleg artsrikt, med artar som lungenever, skrubbenever mv, særleg på lauvtre og i liten grad på berg. Det er eit ganske godt potensial for kravfulle vedbuande sopp på furu i øvre delar, og i det minste er det der funne artar som tyrikjuka (NT) og musemjølk-kjuka.


Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen er i aldersfase og stadvis, særleg i øvre delar av den vestvendte lia, er det ein del daudt trevirke til dels ganske grove furulæger. Det er noko mindre av dette i den nordvendte lia og oppe på toppen, men sistnemnde stad inkluderar dette einskilde gadd og morkne læger. Lauvtrea er av mest små til middels dimensjonar og det er lite grove og gamle lauvtre her.

Fremmede arter: Det er planta gran rett inntil lokaliteten i dalen i vest.

Del av helhetlig landskap: Det finst spreidd med eldre furuskog i desse skogsområda, men dette er nok blant dei eldste bestanda nær Eikrem.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdien viktig - B. Dette fordi han er middels stor og inneheld både einskilde raudlisteartar samt verdifulle element som grove læger. Det er i tillegg ein del variasjon i miljøet og potensial for fleire raudlisteartar her.

Skjøtsel og hensyn: Det klart beste for naturverdiane er å la området i all hovudsak få ligge i fred for inngrep, inkludert dei fleste typar hogst. Unntaket er berre fjerning av gran (og eventuelle andre framande treslag).



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Gammel furuskog
Utforming: Gammel kystfuruskog
Mosaikk:
Feltsjekk: 18.11.2012 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning 17.02.2013, med grunnlag i eigen kartlegging av lokaliteten 18.11.2012, tilknytt ein fritidstur i området.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i dalføret søraust for Treeikreimsætra, i retning mot Vulvik. Det er prat om ein vest- til sørvestvendt liside med til dels høge berghamrar med noko rasmark under i øvre delar. Avgrensinga er nokså skarp mot berghamrane i aust, mot eit granplantefelt i nord, mot myrdraget i dalbotna i vest og litt meir utydeleg mot tidlegare gjennomhogd skog i sør. Berggrunnen verkar for det meste å vere fattig.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Det er nok mest veldrenert mark med småbregne- og dels blåbærskog i lisida, men også litt svak og dels klar lågurtskog. Rasmarker/ur og bergveggar er for det meste av fattig til intermediær karakter.

Artsmangfold: Furu er dominerande treslag, sjølv om det også finst ein del lauvtre i lia. Desse er for det meste bjørketre, men også innslag av selje, rogn og einskilde hasselkratt. Feltsjiktet ser

ikkje særleg rikt ut, men i det minste vart myske funne samt funn av loppestorr. Lavfloraen verkar også nokså ordinær, berre med vanlege artar i lungenever-samfunnet som lungenever. Størst interesse er knytt til vedbuande sopp på furulæger. Tyrikjuke (NT) vart funne på 4-5 læger og i tillegg kjem fleire hittil ubestemte artar, m.a. ein Mucronella-art.



Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen er i aldersfase og det er jamnt med daudt trevirke her, utan at det er Pratt om store konsentrasjonar. Lægrane er av variert storleik og nedbrytning (litt frå orkanen i 1992, men ikkje spesielt mykje), og det er innslag av ganske gamle og dels mørkne og grove læger (men kelogadd og -læger manglar). Ståande skog er også nokså grov og med gamle tre av furu, medan lauvtree ikkje er spesielt store.

Fremmede arter: Det er planta gran rett inntil lokaliteten i nord og ei frøspredd unggran vart funne.

Del av helhetlig landskap: Det finst spreidd med eldre furuskog i desse skogsområda, men dette er nok blant dei eldste bestanda nær Eikrem.

Verdivurdering: Lokaliteten har ein ganske klar verdi som viktig - B, sidan det er snakk om ein middels stor, gammal furuskog med jamnt med verdifulle element og innslag av fleire kravfulle og dels raudlista vedbuande artar.

Skjøtsel og hensyn: Det klart beste for naturverdiane er å la området i all hovudsak få ligge i fred for inngrep, inkludert dei fleste typar hogst. Unntaket er berre fjerning av gran (og eventuelle andre framande treslag).



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Viktig bekkedrag
Utforming:
Mosaikk:
Feltsjekk: 10.07.2011 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning 17.02.2013, med grunnlag i eigen kartlegging av lokaliteten 10.07.2011, tilknytt ein fritidstur i området.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ovanfor Holmeide på Vågbø og omfattar utlaupsbekken frå Holmeidvatnet, der denne renn roleg gjennom eit myrlendt terreng før den slepper seg nokså brått ned lisa mot fjorden. Avgrensinga er såleis mot vatnet i vest og ein liten bekkedal (der eit mindre parti tidlegare er kartlagt som ein nøkkelbiotop) i aust, samt mot myr på begge sidane. Berggrunnen er stort sett fattig, men einskilde artsfunn på myrpartia vitnar også om litt rikare berg hist og her.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Det er ein sakterenannde bekk som kjem frå eit myrtjønn. Myra rundt har mest preg av myrkant av fattig til intermediær karakter og det er lite flaummark her. Like utanfor lokaliteten, mot nordaust er det svake tendensar til middelsrik myr (med breiull).

Artsmangfold: Artsmangfaldet er ikkje særleg godt undersøkt, men grunnlaget for avgrensing av lokaliteten var registrering av kongeaugnestikkar her (eit individ), noko som tyder på at dette er eit leveområde for denne regionalt ganske sjeldsynte og tidlegare raudlista arten. Elles står det mest furu langs bekken.


Bruk, tilstand og påvirkning: Det er for det meste naturskog i området. Berre restar av ein låg steinmur vitnar om litt svak regulering av Holmeidvatnet tidlegare. Myra er ikkje påverka av planmessig grøfting, men det går ein kjøreveg for traktor på skrå over den (og kryssar dermed også bekken uten at det er laga noko bru der).

Fremmede arter: Ingen på eller nær ved, men det er planta gran nedover i lia.

Del av helhetlig landskap: Slike bekkedrag høyrer naturleg heime i dette landskapet, men det er få liknande bekkar som er kjent her (den som ligg nærast er nok utlaupsbekken frå Reitvatnet nokre kilometer lenger nordvest).

Verdivurdering: Lokaliteten er ganske liten og artsfattig, men det er tross alt snakk om ein roleg utlaupsbekk frå eit vatn som er lite påverka av inngrep og der ein regionalt sjeldsynt art førekjem. Verdien vert difor sett til lokalt viktig - C.

Skjøtsel og hensyn: Det er viktig å unngå fysiske inngrep og ureining av bekken.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rikmyr
Utforming: Skog-/krattbevokst rikmyr i høyereliggende strøk (MB-NB)
Mosaikk:
Feltsjekk: 10.07.2011 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning 17.02.2013, med grunnlag i eigen kartlegging av lokaliteten 10.07.2011, tilknytt ein fritidstur i området (den har også vore sjekka 15.11.2009).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ovanfor Holmeide på Vågbø og ligg i ei nokså slak aust- til nordaustvendt li ned mot Holmeidvatnet. Terrenget er myrlendt og lokaliteten er avgrensa mot fattigare myr i sør og aust, dels også i vest og nord (men der er det også overgang mot fuktskog). Ein bekk renn ned mot vatnet frå nordvest, men lokaliteten går knapt ned til denne.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Det finst noko open myr på vestsida av Holmeidvatnet, men avgrensa lokalitet er for det meste ein mosaikk mellom myrkantmiljø og fuktskog. Myrkantmiljøa har ein del middelsrikt preg, medan det meste av fuktskogen er fattig, sjølv om det også for den er lokale teikn til rikare feltsjikt.

Artsmangfold: Dominerande treslag er furu, medan det står så vidt gråor langs bekken. Feltsjiktet omfattar ein del typiske rikmyrsplantar, der sparsam førekomst av marigras er mest interessant. Dette er ein klart austleg art i Møre og Romsdal og førekomsten her er den einaste som er kjent i Tingvoll. Elles kan nemnast svarttopp, breiull, dvergjamne, loppestorr, gulstorr, engstorr, hårstorr, sivblom, bjønnbrodd, sumphaukeskjegg, fjelltistel, kvitmaure, hengeaks, kvitbladtistel, særstorr, myrstjernemose og artar av makkmosar og fagermosar.

Bruk, tilstand og påvirkning: Det går ei kraftline gjennom lokaliteten utan at dette påverkar

Lok. nr. 257 Holmeidvatnet vest forts.



miljøet. Elles er det ingen fysiske inngrep her.

Fremmede arter: Ingen er observert.

Del av helhetlig landskap: Det er så langt kjent lite rikmyr i denne delen av Tingvoll.

Verdivurdering: Lokaliteten er liten og ikkje spesielt artsrik, sjølv om ein kravfull og regionalt sjeldsynt art førekjem. Verdien vert difor berre sett til lokalt viktig - C.

Skjøtsel og hensyn: Naturverdiane er avhengig av at lokaliteten får ligge i fred for fysiske inngrep, og ein bør også vere varsam med slik i overkant av den.



Naturtyperegistreringer

Naturtype:	Regnskog
Utforming:	Fattig boreonemoral regnskog
Mosaikk:	
Feltsjekk:	23.11.2013 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Lokalitetsomtale innlagt av Geir Gaarder 23.11.2013, basert på feltarbeid same dag. Kartlegginga vart gjort tilknytt kartlegging av kystfuruskog i Noreg, på oppdrag for Fylkesmannen i Hordaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på Aspøya, ut mot fjorden på nordsida. Den ligg litt skjerma til, tilknytt ein brattkant på oversida av eit slakare parti før ein kjem ut i bratthamrane ned mot sjøen. Det er innslag av små, nordvendte bergveggar og litt små kløfter og knauser. Truleg er berggrunnen intermediær til halvrik, med innslag av m.a. eklogitt (men dette er ikkje heilt sikkert). Lokaliteten grenser mot fattigare og meir eksponert skog i nord, mot meir påverka parti inntil bygdevegen i sør og opphøyr av regnskogselement mot aust og vest.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Det er mykje blåbærfuktskog her, og helst også ein del småbregnefuktskog. Dels er det overgang mot fattig myrkantskog mot nord. I tillegg et lite felt med svak høgstaudeskog i vestre del. Bergveggane verkar middels rike.

Artsmangfold: Furu er dominerande treslag (kanskje 70% dekning), men særleg kjernepartia av lokaliteten har ein del lauvtre, mest bjørk, men også ein del rogn. I tillegg finst nokre spreidde hasselkratt, nokre ospetre, så vidt selje og i vest småvaksen gråor. Feltsjiktet er ikkje særleg rikt, men i fuktig veks det fleire stader loppestorr og i det meste frodige partiet i vestre del også litt myske og enghumleblom. Rett aust for lokaliteten vart det funne blodkjuke på ein furugadd, men innanfor lokaliteten er det mest lavfloraen som er av interesse. Lungenever-samfunnet er ikkje spesielt rikt, men det er spreidd med lungenever og kystfiltlav, samt at kystnever og skrubbenever er funne sparsamt. Gammelgranlav-samfunnet trivst tydelegvis godt og det er ganske mykje både av gammelgranlav og kattedotlav på fleire treslag, inkludert furu og bjørk. Vanleg rurlav veks sparsamt på rogn nokre stader og vart også funne på bjørk (noko som er uvanleg for distriktet). I tillegg vart ein rurlav (vanleg eller hasselrurlav) funne på eit hasselkratt. Av kanskje størst interesse er gul pærelav (NT), ein regnskogslav som her finst jamnt, særleg på rogn men også på hassel, og som har ein av sine rikaste førekomster for regionen her. Dette indikerar høg luftråme og potensial for andre krevjande regnskogslav.

Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen er overvegande i aldersfase, men ikkje spesielt gamal eller storvaksen. Det er sparsamt med gadd og læger og lite grove tre.



Fremmede arter: Ingen vart observert innanfor lokaliteten.

Del av helhetlig landskap: Nordaustlege del av Aspøya har fleire lokalitetar med fuktige hasselkratt med innslag av regnskogsartar, og denne lokaliteten høyrer med blant desse.

Verdivurdering: Lokaliteten får lav verdi på arts mangfald, høg verdi på storleik (45 da), samt lav til svak middels verdi på habitatkvalitetar og påvirknad. Dette gjev samla sett minst verdi lokalt viktig - C, i overgang mot verdi viktig - B. Ut frå ei samla vurdering får lokaliteten her verdi viktig - B. Årsaken er at den både er ganske stor, ligg godt plassert innanfor eit regionalt kjerneområde for skogtypen, samtidig som dette kjerneområdet er eit nordleg utpostområde for skogtypen i Norge (og internasjonalt sett).

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane vil vere å la skogen få stå stort sett i fred. Fjerning av framande artar som måtte dukke opp, inkludert norsk gran, er derimot viktig. Naturverdiane er særleg sårbare for flatehogst og hogst av lauvtre. Hittil ser ikkje den høge hjortestammen ut til å skade viktige treslag som rogn alvorleg, men dette bør også overvakast.

Omtalen gjeld nordre lokalitet, der blå prikkar viser funn av m.a. raudlistearten gul pærelav (NT).



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Regnskog
Utforming: Fattig boreonemoral regnskog
Mosaikk:
Feltsjekk: 23.11.2013 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Lokalitetsomtale innlagt av Geir Gaarder 24.11.2013, basert på feltarbeid dagen føre. Kartlegginga vart gjort tilknytt kartlegging av kystfuruskog i Noreg, på oppdrag for Fylkesmannen i Hordaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på Aspøya, i den nordaustvendte lia til Saullaupkammen. Her er den nokre ganske skjerna og fuktige skogslie der lufråmen tydelegvis er høg. Samtidig er det litt variasjon i berggrunn, med innslag av litt rikare mark i parti (kanskje eklogitt). Avgrensa lokalitet er ei sørvendt lita li i dette området som skil seg ut med litt betre jordsmonn og meir lauvskog enn resten. Den vert ganske skarpt avgrensa mot ein skogsbilveg i sør (som nok har redusert areal og verdi ein del) og mot fattigare og meir eksponert furuskog i nord, samt at det også er nokså tydelege grenser mot fattigare skog i aust og vest. Det er innslag av litt bergveggar her og skogen står dels på gamal rasmark. I tillegg ei trong lita kløft i vestre del.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Marka ser for det meste ut til å vere veldrenert.

Ein del er nok blåbærskog, men i parti, særleg i kløfta i vest, er det også noko lågurtskog eller svak lågurtskog. Bergveggane verkar intermediære (minst) i kløfta, noko fattigare utafor.

Artsmangfold: Furu er dominerande treslag (kanskje 60% dekning). I tillegg er det noko osp (anslag 20%), rogn (5-10%) og bjørk (ca 10%), samt fleire hasselkratt (3-5%) og eit par seljetre. Feltsjiktet er ikkje særleg rikt, men i kløfta veks noko myske. Lavfloraen er derimot ganske rik, særleg i kløfta. Her er lungenever-samfunnet godt utvikla på berg og tre, med ein del sølvnever, kystnever, lungenever og vanleg blåfiltlav (alle også på berg), samt kystfiltlav, kystvrenge og grynfiltilav. I tillegg finst det både her og i austre del noko av regnskogsleven gul pærelav (NT) på hassel og rogn. På hassel er det i aust også hasselrurlav (NT) og i kløfta ein del sølvpærelav. I tillegg er det innslag av m.a. gamalgranlav på lauvtre.

Bruk, tilstand og påvirkning: Det er ganske gamal skog innanfor lokaliteten (med unntak av i vegkanten, der det berre står unge tre) og til dels er det prat om høgvalsne og litt grove tre av osp (helst eit ti-talls slike) og furu, medan hasselkratta ikkje er særleg grove og det heller ikkje er spesielt store tre av andre lauvtre. Det er også einskilte læger og dels gadd innanfor lokaliteten, m. a. ein ganske grov, halvgammal furulåg på kanten av kløfta (og den kan vere i ferd med å bli kvalietar knytt til gamal furuskog her). Skogsbilvegen har redusert arealet av lokaliteten noko og ført til eit ope parti mot sør.



Fremmede arter: Ei frøspreidd gran står inntil skogsbilvegen. Det er planta ein del gran litt vest for lokaliteten og noko også sør for den, men hittil ser ikkje desse plantefelt ut til å ha ført til så mykje etablering av nye grantre rundt.

Del av helhetlig landskap: Nordaustlege del av Aspøya har fleire lokalitetar med fuktige hasselkratt med innslag av regnskogsartar, og denne lokaliteten høyrer med blant desse.

Verdivurdering: Lokaliteten får så vidt middels verdi på storleik (5 daa), låg verdi på artar og middels verdi på habitatkvalitetar og påverknad. Samla sett fører dette til verdi som viktig - B. Det er ikkje funne grunn til å endre dette ut frå lokale høve.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane vil vere å la skogen få stå stort sett i fred. Fjerning av framande artar som måtte dukke opp, inkludert norsk gran, er derimot viktig. Naturverdiane er særleg sårbare for flatehogst og hogst av lauvtre, men her verkar det også klart uheldig å hogge furu. Sidan skogsbilvegen alt bryt opp skogen noko, er det spesielt viktig at ved hogst på sørsida av denne så bør skogen ikkje flatehogst, berre få varsam gjennomhogst.

Omtalen gjeld midtre lokalitet, der blå prikkar viser funn av raudlistearten gul pærelav (NT) i sør og rikmyrsplanter i nordvest.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Regnskog
Utforming: Fattig boreonemoral regnskog
Mosaikk: Totalt 2 naturtype(r) registrert: Regnskog F20 - Fattig boreonemoral regnskog F2001 (50%), Rikmyr A05 - Skog-/krattbevokst rik- og intermedieær myr i låglandet (BN-SB) A0507 (50%).
Feltsjekk: 23.11.2013 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Lokalitetsomtale innlagt av Geir Gaarder 24.11.2013, basert på feltarbeid dagen føre. Kartlegginga vart gjort tilknytt kartlegging av kystfuruskog i Noreg, på oppdrag for Fylkesmannen i Hordaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på Aspøya, i den nordaustvendte lia til Saullaupkammen. Her er den nokre ganske skjerma og fuktige skogslie der lufråmen tydelegvis er høg. Samtidig er det litt variasjon i berggrunn, med innslag av litt rikare mark i parti (kanskje eklogitt). Avgrensa lokalitet er eigentleg to-delt og omfattar dels ein del av sjølve hovudlia med myr-/kjeldeskogsmark og dels ei trong lita kløft vendt mot nordaust i sør. Kløfta har mindre bergveggar både i sør, vest og nord. Lokaliteten vert avgrensa av fråver av kløft, samt fattigare skogsmiljø.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Truleg er det dels myrkantskog og dels svak

kjeldeskog i nordre del av lokaliteten. I kløfta verker det å vere litt rik fuktskog, dvs småbregnefuktskog til svak høgstaudeskog, også her mer svakt kjeldepreg. Bergveggane er helst fattige til intermediære.

Artsmangfold: Furu er dominerande treslag (kanskje 80% dekning) og einerådande utanfor kløfta. I kløfta står det derimot nokre lauvtre, særleg bjørk og rogn, samt eit tre kvar av gråor og hassel i nedre del. Feltsjiktet omfattar i dei fuktige partia i nordvest rikmyrsplantar som breiull, skogsiv, loppesorr og myrsaulauk, medan det på kanten av kløfta og dels nede i denne også veks litt gulstorr. I kløfta veks det også spreid med myske. Kløfta kan ha potensial for fuktkrevjande moseartar, men berre raudmuslingmose vart registrert. I tillegg vart det funne nokre eksemplar av regnskogsarten gul pærelav på rognetre i øvre del av kløfta, og der vaks det også vanleg rurlav på rogn, samt gammalgranlav og kattedotlav på bjørk.



Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen må seianst å vere i ein nokså ordinær aldersfase, med få biologisk gamle tre og sparsamt med daudt trevirke.

Fremmede arter: Ingen vart sett.

Del av helhetlig landskap: Nordaustlege del av Aspøya har fleire lokalitetar med fuktige hasselkratt med innslag av regnskogsartar, og denne lokaliteten høyrer med blant desse.

Verdivurdering: Lokaliteten får låg verdi på storleik (4 daa), låg verdi på artar og middels verdi på habitatkvalitetar og påverknad. Samla sett fører dette til verdi som viktig - B. Sidan den er såpass liten og med få særleg kravfulle artar, vert den her likevel under litt tvil berre sett til verdi lokalt viktig - C.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane vil vere å la skogen få stå stort sett i fred. Fjerning av framande artar som måtte dukke opp, inkludert norsk gran, er derimot viktig. Naturverdiane er særleg sårbare for flatehogst og hogst av lauvtre, men her verkar det også uheldig å hogge furu.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Regnskog
Utforming: Fattig boreonemoral regnskog
Mosaikk:
Feltsjekk: 14.12.2013 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Lokalitetsomtale innlagt av Geir Gaarder 14.12.2013, basert på feltarbeid same dag. Kartlegginga vart gjort tilknytt kartlegging av kystfuruskog i Noreg, på oppdrag for Fylkesmannen i Hordaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på Aspøya, sørvest for Nastad og nord for Skjelberget. Den ligg i ei sørvendt lisode, med små bergveggar i øvre del. Lokaliteten grenser mot noko planta gran i vest, bergveggar og meir eksponert, tørrare skog i nord, foten av lia i sør og litt gradvis mot truleg tørrare skog i aust (i praksis også litt planta gran i den retninga).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Det er for det meste veldrenert skog, helst mykje av blåbærtype, men ut frå innslaget av hassel så bør det også vere noko svak lågurtskog her.

Artsmangfold: Furu er dominerande treslag (nærare 80% dekning). I tillegg litt bjørk og rogn (knappt 10% kvar), samt sparsamt med hasselkratt (under 5%) og litt gran (under 10%). Feltsjiktet verkar fattig. Også lavfloraen på trea var ganske fattig, men den typiske regnskogslaven gul

pærelav (NT) vart funne på 4 rognetre og mogeleg *Arthonia stellaris* (VU) på eit hasselkratt.



Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen må seianst å vere i ein nokså ordinær aldersfase, med få biologisk gamle tre og sparsamt med daudt trevirke.

Fremmede arter: Det er planta litt spreidd med gran i denne lia, som no langt på veg er hogstmoden. Den har likevel i liten grad spreidd seg og ungtre vart ikkje sett innanfor lokaliteten.

Del av helhetlig landskap: Nordaustlege del av Aspøya har fleire lokalitetar med fuktige hasselkratt med innslag av regnskogsartar, og denne lokaliteten høyrer med blant desse.

Verdivurdering: Lokaliteten er liten og artsfattig, med berre funn av ein nær truga art, og usikkert forekomst av ein sårbar art. Potensialet for fleire raudlisteartar verkar lågt. Verdien vert difor sett til lokalt viktig - C.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane vil vere å la skogen få stå stort sett i fred. Fjerning av framande artar, her ikkje minst norsk gran, er derimot viktig. Naturverdiane er særleg sårbare for flatehogst og hogst av lauvtre, men her verkar det også uheldig å hogge furu.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Gammel furuskog
Utforming: Gammel kystfuruskog
Mosaikk:
Feltsjekk: 15.12.2013 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Lokalitetsomtale innlagt av Geir Gaarder 15.12.2013, basert på feltarbeid same dag. Kartlegginga vart gjort tilknytt kartlegging av kystfuruskog i Noreg, på oppdrag for Fylkesmannen i Hordaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på Straumsnes, noko nordvest for Kanestraum og litt aust for Sjøhaugen. Her er det eit litt småkupert landskap, der ein bekk renn gjennom sentrale delar av lokaliteten. Elles er det innslag både av flater parti, små skrentar og bergveggar og knausar. Lokaliteten er til dels skarpt avgrensa mot granplantefelt (i sør og dels aust og vest), men særleg mot nord (men også dels aust) gradvis mot fattigare skog. I sørvest litt ein annan naturtypelokalitet (Sjøhaugen aust 1 - NaturbaseID BN00016710) heilt inntil.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten har mykje svak lågurskog, men i øvre delar kjem det også inn litt fattigare blåbærskog (dels fuktskog). I tillegg også eit par små, for det meste fattige myrer.

Artsmangfold: Furu er dominerande treslag (over 70% dekning). I tillegg litt bjørk og rogn (kanskje 10% kvar), innslag av selje og osp, samt ein god del hasselkratt. Feltsjiktet er ikkje særleg rikt, berre myske vart så vidt funnen. På lauvtree er det derimot noko lav. Lungenever-samfunnet er ikkje særleg rikt, men det finst noko lungenever, grynfilflav og vrenger i det minste. Meir interessant er skorpelav på hassel, da det er ein del hasselrurlav (NT) her, og helst vart også *Arthonia stellaris* (VU) funne sparsamt. I tillegg finst litt vedbuande sopp, m.a. rutetømmersopp og moglege *Oligoporus leucomellaeus* og *Phlebia serialis* (NT) på daud furu. Gubbeskjegg (NT) er ganske vanleg på furu i søkka. Det er potensial for fleire kravfulle og dels raudlista artar her, både av lav og sopp.


Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen er i ein klar aldersfase og det er jamnt med gamle furutre her (helst 150-250 år gamle). Det er også spreidd med gadd og litt læger, inkludert morkne læger. Einskilde tre av furu og minst ei osp er ganske grove, og det er til dels kraftige hasselkratt. Det finst likevel også spreidde hogstspor her, mest uttak av einskilde grove tre teken ut til litt ulike tider, samt at det går to enkle traktorveggar gjennom området.

Fremmede arter: Det står ein del gran nær lokaliteten og fleire stader finst det unge frøspredde tre innanfor den.

Del av helhetlig landskap: Dette er ein av dei største hasselrike svake lågurfuruskogane i regionen truleg, men det finst også fleire litt liknande miljø ute på Straumsnes.

Verdivurdering: xx verdi

Skjøtsel og hensyn: For å ta vare på naturverdiane bør ein helst unngå dei fleste former for skogsdrift, bortsett frå å fjerne alt av gran. Særleg flatehogst er skadeleg, men sjølv hard plukkhogst vil vere negativt. Uttak av spreidde eldre furutre innanfor delar av lokaliteten kan kanskje utførast utan at han mister så mykje verdi.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rik edellauvskog
Utforming: Lågurt-hasselkratt
Mosaikk:
Feltsjekk: 15.12.2013 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Lokalitetsomtale innlagt av Geir Gaarder 15.12.2013, basert på feltarbeid same dag. Kartlegginga vart gjort på fritida.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på Straumsnes, rett vest for gardsbruket Skeisvollen. Den omfattar ei skogkledt sørvendt lita li, med dyrka mark på sørsida, granplantefelt på vestsida og litt fattigare beiteskog i nord og aust. Det er innslag av små bergveggar i lia.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten har mest lågurtskog, men helst også litt svak lågurtskog. Bergveggane verkar nokså fattige.

Artsmangfold: Det er mykje hassel her. I tillegg litt bjørk, rogn og selje. I feltsjiktet er det ein del myske og noko lundgrønaks, samt fleire mindre varmekære lågurtartar. På berg og tre veks det sparsamt med lungenever, grynfilflav og kystvrenge. Det er potensial for noko kravfulle marklevande sopp knytt til hassel.

Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen må reknast for å vere i optimalfase, med einskilde eldre tre

Lok. nr. 263 Skeisvollen vest forts.


og lite daudt trevirke. Truleg vert den delvis nytta som beitemark.

Fremmede arter: Det står ein del gran nær lokaliteten, men ingen vart sett innanfor.

Del av helhetlig landskap: Det finst ein del rike hasselkratt i dette området.

Verdivurdering: xx

Skjøtsel og hensyn: Det viktigaste omsynet er å unngå hogst eller anna øydelegging av hasselkratta, men ein bør også vere varsam med hogst av rogn og selje. Litt husdyrbeite kan berre vere positivt, så sant det ikkje vert oppgjødsling eller for mykje tråkkskader i lia.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rik edellauvskog
Utforming: Lågurt-hasselkratt
Mosaikk:
Feltsjekk: 15.12.2013 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Lokalitetsomtale innlagt av Geir Gaarder 15.12.2013, basert på feltarbeid same dag. Kartlegginga vart gjort tilknytt arbeid med handlingsplan for kystfuruskog, på oppdrag for Fylkesmannen i Hordaland og arbeid med inventering av narreglye, på oppdrag for Fylkesmannen i Nordland. Dette er den vestlegaste delen av ein tidlegare stor naturtypelokalitet kalt Hundane (NaturbaseID BN00046009), som gradvis har vorte splitta opp i mindre delområde (fire slike vart oppretta i 2009 - nr 224-227 på grunnlag av nøkkelbiotopkartlegging i Tingvoll i 1996-97). Heile lokaliteten har tidlegare vorte registrert som ei eining med grunnlag i undersøkingar av Gaarder (1993) og Holten (1979) av Gudrun Hagen i 2000 (sjå omtale av lok 39 - NaturbaseID BN00046009).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på Straumsnes, i den bratte lia sørvest for Skruvfuruhammaren, ovenafør gardsbruket Skeisvollen. Det er prat om ei bratt, for det meste skogkledd li. I øvre delar er det bergveggar og under desse delvis skogkledd rasmark, som gradvis går over i meir ordinær bratt li. Lokaliteten vert avgrensa av granplantefelt i nedkant og mot vest, medan det er fattigare skog ovanfor bergveggane og dels også litt fattigare skog i aust (men her kunne nok lokaliteten vorte trekt lenger).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten har mykje rik lågurtskog, dels vekselfuktig skog (men utan så mykje høgstaudeartar). Det finst også litt fattigare svak lågurtskog. I tillegg middels rike bergveggar.

Artsmangfold: Alm (NT) veks sparsamt i øvre delar, medan det er ganske mykje hasselkratt i lia. Det er likevel mest av boreale treslag som bjørk, selje (ein del i øvre delar), rogn, osp (litt i sørvest) og furu. I feltsjiktet er det stadvis mykje lundgrønaks. I tillegg ein del myske og noko sanikel. Under bergveggane i øvre delar vart det så vidt funne lundkarse, ein regionalt svært sjeldsynt art som i Tingvoll elles berre er kjent frå ein liten førekomst litt lenger søraust i den same lia. På lauvtre veks ein del lav i lungenever-samfunnet, men dette er enno betre utvikla på berg i øvre delar. Her vart det m.a. funne sparsamt med kastanjefiltlav (VU), samt noko meir sølvnever. I tillegg artar som lungenever, skrubbenever, vanleg blåfiltlav, grynfiltlav, kystfiltlav og kystvrenge. Området er ikkje spesielt grundig undersøkt og det bør vere mogeleg å finne fleire kravfulle og dels raudlista artar her.

Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen er for det meste i aldersfase, med innslag av einskilde ganske grove og gamle lauvtre i øvre delar, samt litt daudt trevirke. Fleire av almetrea er alvorleg skadd av hjortegneg.

Fremmede arter: Det står ein del gran nær lokaliteten, og dei har byrja å spreie seg ut i skogen inntil.

Del av helhetlig landskap: Dette er del av ei større skogsli der det finst meir varmekjær skog lenger aust.


Verdivurdering: xxtidlegare under tvil viktig berre

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane vil vere å la skogen få stå mest mogeleg i fred, og berre passe på å fjerne det som måtte kome opp av gran i lia. I tillegg bør ein halde hjortebestanden nede på eit nivå som ikkje skader attståande almetre, og også fører til at nye almer kan få vekse opp.

Litteratur

Gaarder, G. 1993. Natur i Tingvoll. Naturverdier i Tingvoll kommune, Møre og Romsdal, med spesiell vekt på biologisk mangfold. Tingvoll kommune, Miljø- og næringsetaten. 65 s.

Holten, J. I. 1979. Verneverdige naturtyper i Møre og Romsdal. II. Det Kgl. Norske Videnskabers Selskab, Museet. Universitetet i Trondheim. 58s.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Gammel furuskog
Utforming: Gammel kystfuruskog
Mosaikk:
Feltsjekk: 29.12.2013 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Lokalitetsomtale innlagt av Geir Gaarder 29.12.2013, basert på feltarbeid same dag. Kartlegginga vart gjort tilknytt arbeidd med handlingsplan for kystfuruskog, på oppdrag for Fylkesmannen i Hordaland og arbeid med inventering av narreglye, på oppdrag for Fylkesmannen i Nordland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på Straumsnes, oppe i lia noko nordvest for ferjeleiet på Kanestraum. Den omfattar her ei hylle i lia og ei lisode ovanfor denne. På sørsida ligg ein tidlegare avgrensa lokalitet (sjå omtale for lok 228-Hagen vest, NaturbaseID BN00045907). I nord vert skogen fattigare og meir eksponert mot fjellet, men grensa er her usikker. I vest kjem det eit større plantefelt.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten har ein svak til rik lågurtskog, men også noko fattigare (og fuktigare) skog på flata (blåbærskog og helst fattig kjeldeskog og fuktskogtypar).

Artsmangfold: Bjørk er truleg vanlegaste treslag (50%?), men det finst også ein god del furu (kanskje 30%) og noko rogn (5-10%) og ein del hasselkratt i lisida (helst minst 10%), samt at det er innslag av osp og gråor. Feltsjiktet er ikkje spesielt rikt, men m.a. lundgrønaks og myske finst i lia. Lungenever-samfunnet vekst på lauvtree, med artar som lungenever, skrubbenever, puteglye, vanleg blåfittlav og grynfittlav. I tillegg kjem m.a. lokalt litt gubbeskjegg (NT). På ein furugadd vart rotnål (NT) funnet. På læger av furu veks det litt vedbuande sopp, m.a. tyrikjuke (NT). Det er potensial for fleire kravfulle og helst også raudlista artar knytt til gammal furuskog her.


Bruk, tilstand og påvirkning: Ein attgroande traktorveg går inn i lokaliteten frå vest. Det er også restar av ei og anna grøft i vestre delar. Gran har i nokon grad forynga seg i vestre delar (spreidd frå plantefeltet), særleg på skogsvegen, men også utanfor. Skogen har ein fleirsjiktet struktur med ganske godt innslag av grove, gamle og daude tre, inkludert ein del læger, til dels morkne.

Fremmede arter: Gran er i spreiding inn i lokaliteten frå vest.

Del av helhetlig landskap: Dette er del av ei større skogsli der det finst mykje varmekjær skog i sør og vest, men også kvalitetar knytt til gammal furuskog vestover i lia.

Verdivurdering: Lokaliteten får stort sett middels verdi på aktuelle parametere (storleik, artsamangfald, påverknad), noko som gjev verdien viktig - B.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er å la skogen få vere i fred for fysiske inngrep og ikkje hogge på studeigne treslag, medan framande artar som gran bør fjernast.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Gammel boreal lauvskog

Utforming: Gammel ospeskog

Mosaikk:

Feltsjekk: 17.03.2013 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Lokalitetsomtale innlagt av Geir Gaarder 31.12.2013, basert på feltarbeid 17.03.2013. Kartlegginga vart gjort tilknytt arbeid med inventering av narreglye, på oppdrag for Fylkesmannen i Nordland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på Vågbø, i øvre delar av lia under Norska, et lågt fjell der toppen når over skoggrensa. Lia gjør ein knekk nær lokaliteten, med slakare terreng ovafor. I austre del er det ei svak utforma gryte. Berggrunnen er av gneis og er truleg ikkje særleg kalkrik.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Det var snødekt mark under kartlegginga, så marktype er usikker, men truleg er det litt lågurtskog i austre delar (evt høgstaudeskog), medan det er fattigare blåbærmark i vestre delar.

Artsmangfold: Sjølv om verdiane primært er knytt til osp, er furu dominerande treslag (70%), medan det er ca 25% osp, 10% bjørk og 5% rogn. Av interesse er særleg lavfloraen, da det er litt

av lungenever-samfunnet på ospetrea. Dette omfattar også sparsamt med skorpefiltlav (NT) og olivenlav (NT), samt artar som lungenever, kystfiltlav, lodnevrenge, stiftfiltlav og brun blæreglye. I tillegg vanleg ospeildkjuke. Det vart tilfeldig sett ei ung kongeørn i flukt forbi, samt skremt opp ein tiur (dette kan nok vere ein mer sikker plass for denne arten). I fleire av ospetrea er det hol etter hakkespettar (kanskje gråspett, men det er litt usikkert).


Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen er ganske gammal og med innslag av litt daudt trevirke, inkludert gadd og læger av osp.

Fremmede arter: Ingen observert.

Del av helhetlig landskap: Det finst litt eldre skog hist og her i denne lisida, men ein må ut på Aksneset for å finne meir gammal ospeskog.

Verdivurdering: Lokaliteten får låg verdi på storleik, låg til middels på artsmangfald, den er middels sjeldan og habitatkvalitetane låge, medan påverknaden gir høg verdi. Samla sett gjev dette ein ganske grei verdi som lokalt viktig (C).

Skjøtsel og hensyn: Det absolutt beste for naturverdiane er å la skogen få stå i fred utan inngrep av noko slag. Særleg hogst av osp er negativt.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rik edellauvskog
Utforming: Lågurt-hasselkratt
Mosaikk:
Feltsjekk: 20.10.2013 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Lokalitetsomtale innlagt av Geir Gaarder 31.12.2013, basert på feltarbeid 20.10.2013 saman med Steinar Vatne. Kartlegginga vart gjort tilknytt arbeidd med inventering av narreglye, på oppdrag for Fylkesmannen i Nordland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ute på Larsneset, den vesle halvøya heilt sørvest på Aspøya. Det er prat om ei bratt sørvendt li rett på oversida av den lokale bygdevegen som går rundt sørsida av øya. Det er innslag av små bergveggar og har dels preg av skogkledd rasmark. Berggrunnen er av gneis, men det mogleg det er innslag av litt betre bergartar her.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Dette er for det meste typisk veldrenert lågurtmark, medan steinblokkane truleg har eit intermediært preg.

Artsmangfold: Hassel er dominerande treslag. I tillegg finst noko osp, samt innslag av m.a. bjørk og furu. Litt korsved i busksjiktet. I feltsjiktet er det stadvis ein del myske, samt litt svarterteknapp. På steinblokkar veks m.a. lungenever. Det er potensial for kravfulle marklevande sopp knytt til

Lok. nr. 267 Larsnes aust forts.

hassel her.



Bruk, tilstand og påvirkning: Vegen har i si tid skore av nedre delar av lia. Skogen er ganske ung og småvaksen og det er dårleg med gamle tre og dautt trevirke.

Fremmede arter: Ingen observert.

Del av helhetlig landskap: Rike hasselkratt finst spreidt på sørsida av Aspøya og på Straumsnes.

Verdivurdering: Lokaliteten har middels verdi på storleik (vel 2 dekar), låg verdi på dei fleste andre parametrane. Samla sett vert difor verdien lokalt viktig - C.

Skjøtsel og hensyn: Det er særleg viktig å unngå at framande treslag spreier seg inn og at hassel vert hogd. Det beste vil vere å unngå dei fleste former for inngrep.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Strandeng og strandsump

Utforming:

Mosaikk:

Feltsjekk: 20.10.2013 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Lokalitetsomtale innlagt av Geir Gaarder 31.12.2013, basert på feltarbeid 20.10.2013 saman med Steinar Vatne. Kartlegginga vart gjort tilknytt arbeidd med inventering av narreglye, på oppdrag for Fylkesmannen i Nordland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ute på Larsneset, den vesle halvøya heilt sørvest på Aspøya. Det er prat om ei smal strandeng på nedsida av veggen. Den er avgrensa av eit naust/opplagsplass for båtar i vest og elles opphør av strandengpreg.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Opprinneleg er det nok ei lita sone med svartor-strandskog som har vore av mest interesse her, men miljøet er no ganske opent og har små parti med både strandskog, driftvoll og øvre salteng.

Artsmangfold: Eit svartortre står på stranda. Av særleg interesse er likevel ein god del klourt i driftvoll/strandskogsona, ein sørleg og sjeldsynt art med få funn nord for Stadt (i Møre og Romsdal kjent frå 2 andre lokalitetar i Tingvoll og ein i Aure i nyare tid). Også ein del bergørkvein er

Lok. nr. 268 Larsnes vest forts.

uvanleg i strandnær eng/driftvoll. Elles noko strandrør.


Bruk, tilstand og påvirkning: Trea er ganske unge, medan strandenga og driftvollen ber preg av å ha fått ligge i fred i nyare tid.

Fremmede arter: Ingen observert.

Del av helhetlig landskap: Slike små parti med driftvollar og strandskog er sjeldsynte i ytre fjordstrøk både lokalt og regionalt.

Verdivurdering: Lokaliteten er svært liten (under eit dekar) og ikkje særleg artsrik, men minst ein regionalt sjeldsynt art førekjem. Verdien vert difor sett til lokalt viktig - C.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er nok stort sett å la lokaliteten få ligge i fred.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Gammel boreal lauvskog

Utforming: Gammel bjørkeskog

Mosaikk:

Feltsjekk: 11.11.2012 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Skildringa er skriven av Øystein Folden 22.03.2013, basert på eige besøk på lokaliteten 11.11.2012 i samband med at det kan vere aktuelt med hogst i området.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligger i ei nordvendt li av Kjerkjeberget, sør for Vågbøen. Mesteparten av lia er tilplanta med gran i felt og meir spreidd, slik at det berre i mindre lommer finst ein del av den opphavlege skogen i området. Lokaliteten grenser til granplantefelt på vest og autsida. Mot sør blandingskog, mot nord lauvskog som ikkje er så grov. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og i klart oseanisk seksjon O2. Berggrunnskartet fortel om ei smal stripe med lys kvarts-feltspat-muskovitthelleskifer, kvartsitt og kvarts-muskovittgneis; stadvis med lag av amfibolitt.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Bjørkeskogen er ganske grov med ein del lav, med litt rogn og furu innimellom. Ein del liggande daud ved, mest frå nyare tid, og noko ståande daud ved. Gamal lauvskog F07 (DD), utforming F0702 gamle bjørkesuksesjoner og

Lok. nr. 273 Vågbølia forts.

vegetasjonstype blåbærskog A4b dekker godt. Øvst i lokaliteten er det ein låg bergvegg, mot nedkant er det ein flekk med grasmyr, elles i hovudsak blåbær. På båe sidene går det bekk, delvis i grensa av lokaliteten, delvis litt innpå.

Artsmangfold: Viktigaste funnet er furustokkjuke på furu (tverrmål 30 cm) som står nær bekk øvst i lokaliteten. Bjørk (dominerande), rogn, furu, einer, gran (frøspreidd frå planteskog), knuskkjuka, gulgrøn lærhatt, labyrintkjuka, vanlig blodlav, nikkevintergrønn, linnea, blåbær, tytebær og gauksyre. Observasjonane er lagt inn på www.artsobservasjoner.no



Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten blir noko påverka av kringliggande granplantefelt. Det er såpass med hjortedyr i området at ein må rekne med at artar som rogn ikkje foryngast.

Fremmede artar: Gran, frøspreidd frå kringliggande plantefelt.

Del av helhetlig landskap: Det er registrert ein gamalskogslokalitet høgare opp i lia, men lokaliteten er ikkje del av eit heilskapeleg landskap.

Verdivurdering: Daudvedinnslaget er i hovudsak av nyare dato. Furustokkjuka indikerer stundom noko kontinuitet for furuskogen. Verdien blir sett til C Lokalt viktig, sidan det ikkje er gjort spesielle artsfunn.

Skjøtsel og hensyn: Gran som spreier seg frå kringliggande plantefelt bør fjernast. Det bør reknast buffersone. Det beste for naturverdiane vil vere å la skogen få stå urørt.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Gammel furuskog
Utforming: Gammel kystfuruskog
Mosaikk:
Feltsjekk: (siste)

Beskrivelse

Innledning: Skildringa er skriven av Øystein Folden 26.03.2013, basert på eige besøk på lokaliteten 13.1.2013 og eit besøk vinteren 2012. *Merknader:* Stubbar og daudved bør undersøkast nærare.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på ei lita kolle i lia på nordaustsida av Rottåsfjellet. Mot nord grenser lokaliteten mot furuskog der det har vore hogst. Mot aust og sør mot gamal furuskog glese på myr, mot vest mot meir ordinær furuskog. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og i klart oseanisk seksjon O2. I følgje berggrunnskartet er det i området diorittisk til granittisk gneis og migmatitt.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Det er stort sett furu som er dominerande, med innslag av bjørk og rogn. Røsslyng er dominerande, men så vidt nokre flekkar med blåbær og litt einstape. Det er truleg meir enn hundre år sidan hogst av noko omfang. Grove tre finst berre i form av byttoller, og det er noko eldre seinvaksle furu med mindre dimensjon. Ein del ståande daud ved og i alle fall ei grov furulåg gir ein veldig svak kontinuitet. Naturtype kystfuruskog F12, røsslyng-

Lok. nr. 274 Svarthammaren vest på Rottåsfjellet forts.

blokkebærfuruskog, helst kystutforming A3c og noko fuktutforming A3e.

Artsmangfold: Gubbeskjegg finst spreidd i heile lokaliteten, men berre med få talli. På rogn finst mellom anna vanlig blåfiltlav, skrubbenever og kystvrenge. Brun korallav finst på furu og bjørk. Tyriskjell finst på gamle furustubbar, og av knappenålslav er berre funne vanlege artar som kvitringnål og fausknål så langt

Bruk, tilstand og påvirkning: Det finst ein god del tyristubbar frå tidlegare gjennomhogst. Det er ganske sikkert gjennomhogsten som har ført til at det er lite liggande daudved. Byttollene har stått over ein hogst og representerer spot som kan vere interessante. Truleg ikkje vore hogd her siste hundre år.




Fremmede arter: Ingen observert.

Del av helhetlig landskap: Det er areal av gamal skog noko høgare opp i området, og spreidd i lia, men innblandinga av granplantefelt og hogstflater gjer at det ikkje er tale om noko heilskapleg landskap.

Verdivurdering: Verdi C – lokalt viktig, så lenge det ikkje blir gjort spesielle funn.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane vil vere å la lokaliteten få stå urørt.

Omtala lokalitet er den med raud strek, medan grøn farge i øvre del av lokaliteten gjeld ein lokalitet med gråor-heggeskog som alt ligg i Naturbase (BN00046008).



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Bekkekløft og bergvegg

Utforming: Bekkekløft

Mosaikk:

Feltsjekk: (siste)

Beskrivelse

Innledning: Skildringa er skriven av Øystein Folden 12.03.2013, basert på eige besøk på lokaliteten 01.04.2011, 18.06.2011 og 13.10.2012. Nedst er eit mindre parti av ein tidlegare registrert naturtypelokalitet (også kal Viddalselva, men bør no heite Viddalselva nedre, registrert som gråor-heggeskog (NaturbaseID BN00046008), men denne bør trekkast attende litt, slik at den blir liggande heilt inntil den nye lokaliteten. *Merknader:* Området ved fossefallet og litt oppover er ikkje undersøkt i det heile, og det er store område som bør undersøkast nærare.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Bekkekløfta omfattar den brattaste delen av Viddalselva frå skoggrensa og ned til flatare parti med gråor-heggeskog på grusavsetningar, med Viddalen i sør og Hafstadvatnet i nord. Området ligg i hovudsak i mellomboreal, men litt også i nordboreal vegetasjonssone, og i klart oseanisk seksjon O2. I følgje berggrunnskartet er det i området diorittisk til granittisk gneis og migmatitt. Vegetasjonen fortel om innslag av basisk påverknad nokre stader. Fleire stader kjem det inn små bekkar og fuktsig.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Elva dannar her ei ganske typisk bekkekløft med

hovudsakleg steil bergvegg, overheng finst, mot sørvest og bergvegg og rasskråning på andre sida av elva. Ein del av veggen ligg i skugge. Langs elva er det vekslande berg, storsteina blokkmark, grus og rasmateriale. På sørvestsida er det ein skarp overgang til myr og boreal hei, ganske bratt, før ein kjem inn på slakare terreng. På nordvestsida er det ein tydeleg, men ikkje skarp overgang mot slakare skråning med skog. Omtrent $\frac{3}{4}$ opp i kløfta er det ein mindre foss som truleg gir noko fosserøyk. Vegetasjonen varierer, med innslag av blåbærskog A4, småbregneskog A5, storbregneskog C1, rasmark F1, bergsprekk og bergvegg F2. Bergveggane har mest kalkfattige miljø, men også eit parti noko oppe i kløfta med meir intermediær og kalkrik vegetasjon.

Artsmangfold: Furu er dominerande i skråninga på nordaustsida, med store innslag av bjørk. Selje, gråor, rogn og hegg finst spreidd, alm finst omtrent midt i kløfta. Det er spreidd lungenever, skrubbenever, vanleg blåfjell, kystfjell, stiftfjell, glattvrenge, grynvrenge, kystvrenge, lodnevrenge og skålfjell, men aldri store mengde. Elles innslag av vendelrot, mjørdurt, bergfrue, turt, trollbær, skogstjerneblom, dvergjamne, gulsildre, fjelltistel, fjellfrøstjerne, svarttopp og fjellsyre. Dei kraftigaste kalkindikatorane finst i øvste del av kløfta. Spor er observert etter oter (VU).



Bruk, tilstand og påvirkning: Det er stort sett lite daud ved, så det har truleg vore noko hogst i kløfta, sjølv om ein ikkje ser andre spor som fortel noko. På kanten av kløfta har det vore hogst, gjerne hundre år tilbake, og berre tre som har vore vanskelege å få tak i står att som relativt gamle.

Fremmede arter: Gran frøspreidd frå plantefelt finst så vidt eit par stader

Del av helhetlig landskap: Bekkekløfta er ein del av Viddalselva som har sitt utspring i høge fjell rundt Viddalen, og ender opp i Hafstadvatnet. Elvestrekninga frå bergkløfta og opp er noko prega av beiting og tidlegare setring, men elles utan store inngrep.

Verdivurdering: Kløfta er 1100 meter lang, og viser ein betydeleg variasjon i utformingar og vegetasjonstypar. Verdien er difor sett til B – viktig, sidan det ikkje er gjort spesielle funn.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane vil vere å la lokaliteten få stå urørt.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Gammel furuskog
Utforming: Gammel kystfuruskog
Mosaikk:
Feltsjekk: 06.05.2012 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Skildringa er skriven av Øystein Folden 26.03.2013, basert på eige besøk på lokaliteten 06.05.2012, i samband med spørsmål om skogsvegbygging og hogst.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i det som opphavleg har vore furuskog mellom slåtte- og beitemark i nedre del av Venåslia på nordsida av Rv. 70. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og i klart oseanisk seksjon O2. I følgje berggrunnskartet er det i området diorittisk til granittisk gneis og migmatitt.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: På lokaliteten er det i hovudsak kystfuruskog, med furutre som har tverrmål opptil ca. 60 cm. Det er noko ståande daud ved, og ein del liggande, også ein del eldre enn frå 1992. Utforminga fuktig furu-hasselskog kan nok passe. Vegetasjonen er Blåbær-krekling A4c. I tillegg er det to kjelder på lokaliteten, minst ei av dei er stabil, slik at det er innslag av naturtypen svak kjelde og kjeldeskogsmark, (NT).

Artsmangfold: Furu er dominerande treslag, med litt innslag av bjørk, selje og rogn. Det blei gjort funn av gulrandkjuke på ein stor, gamal furustubbe i vestkanten av lokaliteten. Av lyng er blåbær

Lok. nr. 276 Venåslia forts.

dominerande, med innslag av krekling og tytebær. Hassel er funne i området, sjølv om arten ikkje er notert på lokaliteten.

Bruk, tilstand og påvirkning: Det må ha vore ein del hogst i området, og det er plantefelt rett ved sidan av lokaliteten. Frå kjelda går det ein plastvassleidning.



Fremmede arter: Gran, frøspreidd frå plantefelta i kring.

Del av helhetlig landskap: Nei

Verdivurdering: Lokaliteten er liten og inneklemd i granplantefelt og yngre furuskog. Gulrandkjuke gir eit signal om kontinuitet, men elementet er veldig svakt. Kjelde som naturtypelokalitet skal i utgangspunktet verdsetjast høgare, men samla vurdering gir verdi C – lokalt viktig.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane vil vere å la lokaliteten få stå urørt, og det er nødvendig å rekne ei buffersone. Frøspreidd gran må fjernast.

Litt varierende kor nøyaktig lokaliteten er avgrensa (frå betre enn 20 meter, til opp mot 50-100 meter).



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Gammel boreal lauvskog

Utforming: Gammel bjørkeskog

Mosaikk: Totalt 2 naturtype(r) registrert: Gammel boreal lauvskog F07 - Gammel bjørkeskog F0702 (80%), Kilde og kildebekk A06 - Lavlandskilde A0601 (20%).

Feltsjekk: (siste)

Beskrivelse

Innledning: Skildringa er skriven av Øystein Folden 27.03.2013, basert på eige besøk på lokaliteten 27.07.2012 i samband med ei skogsvegsak og hogst.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i nordvestlia av Middagshaugen. På oversida ser ein delvis blanke fjellet, på nedsida er det store område med granplantefelt. Avgrensinga er ikkje fullstendig avklart i sørleg retning, der lokaliteten moglegvis kan strekke seg mot tidlegare avgrensa lokalitet BN00045993 Seterlibrenna i øverkant og eit granplantefelt. I nedkant er grensdraginga grei mot annan skog og hogstfelt og mot nordaust mot granplantefelt. Utstrekninga opp mot fjellet er omtrentleg avklart. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og i klart oseanisk seksjon O2. I følgje berggrunnskartet er det i området diorittisk til granittisk gneis og migmatitt.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Det er både ståande og liggande død ved i lokaliteten, sjølv om mengda med gamal liggande dødved truleg er lita. Naturtypen er gamal

Lok. nr. 277 Svalia: Skrøå forts.

lauvskog F07 (DD), utforming gamal bjørkesuksesjon med vegetasjonstype storbregneskog. Naturtypen kjelde og kjeldebekk A06 (NT) påverkar delar av arealet og vegetasjonstypen ligg moglegvis mellom fattigkilde N1d karse – kildeurt/ rikkilde N2c maigull-utforming

Artsmangfold: Bjørk er dominerande treslag. Det finst også selje, rogn og furu. Elles myske, skogstjerneblom, krattmjølke, enghumleblom, markjordbær, maiblom, bringebær, smørtelg, broddtelg, einstape, hengeving, lungenever, skrubbenever og glattvrenge. Knytt til kjelda finst maigull (einaste kjente staden i kommunen, og klart mot vestgrensa av utbreiinga), bekestjerneblom og ikkje minst trollurt. Karse finst også, men blei ikkje bestemt.



Bruk, tilstand og påvirkning: I nedkant av lokaliteten har det vore eit granplantefelt som nyleg er hogd.

Fremmede arter: Ingen observert, men det er ganske sikkert gran frøspreidd frå plantefelt i området.

Del av helhetlig landskap: : I nordvestlia under Middagshaugen er det på baa sider gamalskogslokalitetar. Desse er truleg berre oppstykkar der det er planta gran heilt oppunder den brattaste delen av fjellsida. Lia lenger ned er prega av granplantefelt.

Verdivurdering: C – lokalt viktig er vald, og det skuldast nok helst at lokaliteten er undersøkt i berre avgrensa grad. Det bør vere eit potensial for funn av meir krevjande artar i området.

Skjøtsel og hensyn: Bortsett frå fjerning av eventuell gran vil det beste for naturverdiane vere å la lokaliteten få stå urørt. Buffersone må bereknast.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming: Gråor-almeskog

Mosaikk: Totalt 2 naturtype(r) registrert: Rik edellauvskog F01 - Gråor-almeskog F0106 (70%), Rik edellauvskog F01 - Lågurt-hasselkratt F0103 (30%).

Feltsjekk: 16.06.2012 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Skildringa er skriven av Øystein Folden 03.04.2013, basert på eige besøk på lokaliteten 16.06.2012. Lokaliteten er ikkje oppsøkt tidlegare, men areal nær ved er besøkt ein del gonger. Jarle I. Holten fann kvit skogfrue 23.05.1978 i Ramslia, og kan ha vore på denne lokaliteten.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg sørvendt til i knapt 200 meters høgde i Ramslia aust for Gyl. Både austafør og sørafør ligg det andre edellauvskogslokalitetar, men ikkje heilt inntil. På nordsida er det tale om furuskog, elles er direkte tilgrensande areal beståande av ein blanding av attgroande beitemark og granplantefelt. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og i klart oseanisk seksjon O2. I følgje berggrunnskartet er det i området gneis, ikkje inndelt.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Rik edellauvskog er vald på grunnlag av at det er betydeleg førekomst med hassel og noko alm og nokre artar som ein ikkje finn i fattigare edellauvskog, men delar av lokaliteten nærmar seg nok fattigare edellauvskog. Utforminga gråor –

almeskog er vald. Variasjonen i feltsjiktet er stor innafør lokaliteten, med vegetasjonstypar frå gråor – almeskog D5 til noko i nærleiken av rike hasselkratt D2d.

Artsmangfold: Hassel er vanleg, med innslag av bjørk, rogn, osp, furu og nokre få alm. Liljekonvall er heilt dominerande i vestre del av lokaliteten, i midtre del er det eit betydeleg innslag av einstape. Elles firblad, hengeaks, kvit skogfrue (NT – 2 stenglar), markjordbær, myske, raud jonsokblom, skogstorkenebb, skogsvinerot, stortveblad (spreidd i austre del av lokaliteten), teiebær, ormetelg og skogburkne.



Bruk, tilstand og påvirkning: I nedkant går det ein skogsveg. Elles er heile området prega av beiting frå tidlegare. Det har vore hogst i området, slik at det knapt er tre med stor dimensjon.

Fremmede arter: Akeleie er venteleg spreidd frå gamle hagar i området.

Del av helhetlig landskap: Med granplantefelt fleire stader i området er det heilskapelege landskapet borte.

Verdivurdering: Sidan det er smått med eldre tre kan det ikkje bli høg verdi på denne lokaliteten, men førekomst av stortveblad og ikkje minst kvit skogfrue gjer at det blir ein lokalitet. Verdien er sett til C – lokalt viktig.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane vil vere å la lokaliteten få stå urørt. Gran som frøspreiar seg frå områda rundt må fjernast.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Brannfelt
Utforming: Gammelt brannfelt med fattig utforming
Mosaikk:
Feltsjekk: (siste)

Beskrivelse

Innledning: Skildringa er skriven av Øystein Folden 02.04.2013, basert på eige besøk på lokaliteten 10.06.2012.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg som ei lita halvøy ut i Freifjorden, rett nordaust for munninga av Nålsundkanalen, med naust og busetnad på innsida, og Nålsund grustak lenger nordaust. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og i klart oseanisk seksjon O2. Berggrunnskartet fortel om glimmergneis, glimmerskifer, metasandstein, amfibolitt og diorittisk til granittisk gneis, migmatitt.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Naturtypen er brannfelt og det er tale om fattig utforming. Lokaliteten er på veg tilbake til ein furuskog med røsslyng som dominerande vegetasjon. Furu veks seint på lokaliteten og kan vere til dels gamal. Det står litt daut ved, truleg som følge av skogbrannen. Ein må elles rekne med at dautved tidlegare er henta til ved etter kvart som han har oppstått, og liggande dautved er nærast fråverande.

Artsmangfold: Furu er dominerande, litt einer, rogn og bjørk, øyrevier, røsslyng, krekling,

Lok. nr. 279 Nausthaugen forts.

bløkkebær, tytebær, mjølbbær, småsmelle og rosenrot. Eit funn av furustokkjuke på furu.


Bruk, tilstand og påvirkning: Ca. 2/3 av arealet brann ein gong på 1980-talet, berre sørvestre delen brann ikkje. Arealet har stor verdi for friluftslivet som fører til ein del ferdsel. (Ola Naalsund, pers. med.).

Fremmede arter: Det er mykje platanlønn elles i området, så ein må rekne med at den finst.

Del av helhetlig landskap: Landskapet er ein blanding av busetnad, kulturlandskap og skog med ulike påverknader frå ulike tider.

Verdivurdering: Skogbrannfeltet er i ferd med å gå over i ein ordinær skogsuksesjon, og verdien blir C – lokalt viktig.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane vil vere å la lokaliteten få stå urørt.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Kalkrike områder i fjellet

Utforming: Bergknaus og rasmark

Mosaikk: Totalt 2 naturtype(r) registrert: Kalkrike områder i fjellet C01 - Bergknaus og rasmark C0104 (70%), Sørvendte berg og rasmarker B01 - Rasmark B0103 (30%).

Feltsjekk: 29.05.2011 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Skildringa er skriven av Øystein Folden 03.04.2013, basert på eige besøk på lokaliteten 11.9.2010 og 29.5.2011. Medverkande til besøket var at J. B. Jordal skal ha funne fjellnøkleblom i området. *Merknader:* Lokaliteten er lite undersøkt.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten går frå foten av vestsikanten av Hufatet i vest og opp mot fjelltoppen på nordsida av Hufatet. I vest mot lauvskogen er avgrensinga klar. Elles er det ingen klar overgang mellom kalkrike område og øvrige område, og grensa er trekt etter funn og skjøen. Området ligg i lågalpin vegetasjonssone og i klart oseanisk seksjon O2. Berggrunnskartet fortel om diorittisk til granittisk gneis, migmatitt, men artsfunn tilseier at det også må vere andre bergartar i området.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Naturtypene kalkrike område i fjellet og vidare sørvendt bekk og rasmark er vald, utformingane er fleire og ligg også i mosaikk. Under brattskrenten i vest er det mellom anna overrisla bergflate og rasmark. Så kjem delvis kalkrik

Lok. nr. 280 Hufatet vestside forts.

og/eller sørvendt bergvegg, ikkje nærare undersøkt, som delvis går over i rabbevegetasjon til ein når toppen.

Artsmangfold: Bergfrue, bjønnbrodd, brudespore (4 stenglar), dvergjamne, fjellfrøstjerne, fjellnøkleblom (NT – 8 blomstrande), fjellsmelle, fjellsyre, fjelltistel, gullmyrklegg, gulsildre, jåblom, kvitmaure, liljekonvall, musøyre, rosenrot, rynkevier, raudsildre, svartstarr, svarttopp, taggbregne, turt, vill-lin.


Bruk, tilstand og påvirkning: Ingen.

Fremmede arter: Europalerk, litt nordvest for toppen på Hufatet, frøspreidd langt.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten er ein del av fjellandskapet på grensa mellom Tingvoll og Sunndal, lite prega av menneskeleg verksemd.

Verdivurdering: Mange artsfunn og mellom dei fjellnøkleblom (NT) gjer at ein vel verdi B – Viktig.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane vil vere å la lokaliteten få stå urørt.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Kalkrike områder i fjellet

Utforming:

Mosaikk:

Feltsjekk: (siste)

Beskrivelse

Innledning: Skildringa er skriven av Øystein Folden 03.04.2013, basert på eige besøk på lokaliteten 11.09.2010 og 29.05.2011. Jarle I. Holten har vore på eller i nærleiken av lokaliteten 28.07.1978

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten er avgrensa eit stykke oppe i nordaustskråninga av Hufatet i vest, og mot bekkekløfta langs Viddalselva i aust. I nord og sør følgjer grensa låge ryggar i terrenget. Det er berre i aust mot bekkekløfta at avgrensinga er klar. Elles er det ingen klar overgang mellom kalkrike område og øvrige område, og grensa er trekt etter funn og strukturar i terrenget som truleg har samanheng med geologien. Området ligg i lågalpin vegetasjonssone og i klart oseanisk seksjon O2. Berggrunnskartet fortel om diorittisk til granittisk gneis, migmatitt, men artsfunn tilseier at det også må vere andre bergartar i området. I bekkekløfta mot aust er det påvist ein del artar som krev kalkpåverknad.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Naturtype kalkrike område i fjellet er vald, utformingane er fleire og ligg også i mosaikk. Det er små flekkar av rikmyrvegetasjon i tillegg til ulike rabbetypar. Snøen kan også bli liggande ei stund nokre stader, utan at det er påvist utprega snøleivevegetasjon.

Artsmangfold: Bjønnbrodd, gullmyrlegg. Elles kan nemnast fjellpyrd og kattedot. Holten har i 1978 funne blankstarr og tranestarr i nordhellinga av Hufatet, utan at det er klart om dette kan vere innafor lokaliteten.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten blir bruka ein del til friluftsliv, og stien inn i Viddalen

Lok. nr. 281 Hufatet austside forts.


kryssar lokaliteten.

Fremmede arter: Ingen observert.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten er ein del av fjellandskapet på grensa mellom Tingvoll og Sunndal, lite prega av menneskeleg verksemd.

Verdivurdering: Lokaliteten er lite undersøkt så langt, så ein har funne ein viss kalkpåverknad utan at ein veit særleg mykje om kor mykje lokaliteten er påverka av dette. Såleis vel ein verdi C – lokalt viktig.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane vil vere å la lokaliteten få stå urørt.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Gråor-heggeskog
Utforming:
Mosaikk:
Feltsjekk: 02.06.2011 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Skildringa er skriven av Øystein Folden 03.04.2013, basert på eige besøk på lokaliteten 02.06.2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg sør for Torjulvågen, på austsida av Marhaugen, langs vestsida av Reitelva. Mot vest grenser lokaliteten mot ein traktorveg, mot nord mot dyrkamark. Mot sør er det ein overgang til ordinær lauvskog. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og i klart oseaensk seksjon O2. Berggrunnskartet fortel om diorittisk til granittisk gneis, migmatitt. Det finst sand som må vere elveavsett i skråninga ned mot elva, men helst berre i tynt lag.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Naturtypen er ein gråor-heggeskog der viktigaste utforming er liskog/ravine, og vegetasjonstypen er høgstaude-strutseving-utforming (C3a).

Artsmangfold: Gråor dominerar, elles hegg, hassel, rogn, selje og bjørk. Vidare brennesle, bringebær, enghumleblom, fugletelg, hengeaks, hengeving, mjødukt, ormetelg, sauetelg, skogburkne, skogsnelle, skogstjerneblom, skogsvinerot, strutseving, turt, vendelrot. Det finst litt lungenever.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten er sikkert hogd tidlegare, noko berre sparsamt med lungenever er eit greitt teikn på. Det er no ein god del grovare dimensjonar og ein del daud ved i lokaliteten. Langs vestsida av lokaliteten går det ein traktorveg.

Fremmede arter: Gran.

Del av helhetlig landskap: Landskapet rundt lokaliteten er i endring

Lok. nr. 282 Reitelva: Erkhammaren forts.

Verdivurdering: Det er tale om ein lokalitet utan påviste raudlisteartar. Lokaliteten blir difor gitt verdi C – lokalt viktig.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane vil vere å la lokaliteten få stå urørt. Det er viktig at det ikkje blir sendt noko nedover skråninga frå traktorvegen. Gran som spreier seg inn i lokaliteten bør fjernast.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rikmyr
Utforming: Åpen intermediaer og rikmyr i lavlandet
Mosaikk:
Feltsjekk: 14.07.2012 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Skildringa er skriven av Øystein Folden 03.04.2013, basert på eige besøk på lokaliteten 14.07.2012, i samband med ei sak om skogsvegbygging.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg sør for Torjulvågen, på austsida av Marhaugen, sørvestsida av Reitelva. Mot sør og aust grenser lokaliteten til fattigare myrtyper, mot vest og nord til furuskog. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og i klart oseanisk seksjon O2. Berggrunnskartet fortel om diorittisk til granittisk gneis, migmatitt.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Naturtypen er rikmyr av utforminga opa intermediaer og rikmyr i låglandet (Rikare myrflate i låglandet (EN)). Mot sørvest inngår så vidt noko myrkantvegetasjon, elles er det tale om myrflate.

Artsmangfold: Blåklokke, blåknapp, blåkoll, blåtopp, breimyrull, engstarr, flaskestarr, flekkmarihand, grov nattfiol, gulstarr, harerug, hengeaks, kornstarr, kvitbladtistel, kystmyrklegg, loppestarr, pors, skogmarihand, storbjørneskjegg, storblåfjør, stortveblad, særbustarr, torvmyrull,

trådstarr.


Bruk, tilstand og påvirkning: Langs vestsida på nordre del går det ein nyare skogsveg. Denne fører vatn og noko masse utover myra. Elles går det eit svakt eldre køyrespor over nordre del av myra. Lokaliseringa i seg sjølv tilseier at det har vore slått på myra for lenge sidan. Restpåverknad frå denne slåtten ser ein vel igjen i form av eit lite parti med myrkantareal heilt i sørvest der det var mange artar.

Fremmede artar: Gran.

Del av helhetlig landskap: Landskapet rundt lokaliteten er i endring.

Verdivurdering: Det er tale om ein lokalitet utan påviste raudlisteartar. Lokaliteten blir difor gitt verdi C – lokalt viktig.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane vil vere å la lokaliteten få stå urørt. Det vil vere ein fordel om ein kan unngå vatnet som kjem frå traktorvegen på vestsida. Gran som spreier seg inn i lokaliteten bør fjernast.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Slåttemark
Utforming: Svak lågurtslåtteeeng
Mosaikk:
Feltsjekk: 26.09.2012 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Skildringa er skriven av Øystein Folden 27.03.2013, basert på eige besøk på lokaliteten sommaren og hausten 2012.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg sentralt på Eikrem, tett inntil gamle Rv 70 og elles grensande til eng, med edellauvskogslokalitetar i landskapet rundt om. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og i klart oseanisk seksjon O2. I følge berggrunnskartet er det i området diorittisk til granittisk gneis og migmatitt, men også innslag av glimmerskifer, amfibolitt, kalksilikatskifer, metasandstein, kalkspatmarmor og gneis.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Arealet er på mange måtar eit restareal og kunne ha vore rekna til artsrik vegkant. Men det er slått årleg og etterbeita, og er difor rekna som slåttemark. Utforminga frisk fattigeng G4 er vald, sjølv om det kanskje er ei blanding av fleire utformingar. Mellom anna er det tørrbakkepreg på mindre areal, og det er både knaus og noko steinrøys på arealet. Rett på vestsida av lokaliteten ligg det eit engareal som er betydeleg fuktigare. Sentralt er det eit mindre areal der det er fylt på noko framand jord for få år sidan.

Artsmangfold: Aurikkelsveve, blåklokke, engfrytle, enghumleblom, finnskjegg, flekkmarihand, grov nattfiol, gulaks, harerug, jordnøtt, kornstarr, kvitbladtistel, legeveronika, markjordbær, prestekrage, smalkjempe, smyle, stjernemarikåpe, tiriltunge, grønn vokssopp, gul vokssopp, rødnende lutvokssopp (VU), jordtunge (liknar brunsvart), hoggorm.

Bruk, tilstand og påvirkning: Heile arealet blir beita, etter at det aller meste av arealet blir slått med lett reiskap. Rundt hytta rett nord for lokaliteten, ved ein hustuft og i vegkanten førekjem det innslag av hageartar frå den tida det var ein hage i dette området. Vidare er kring 100 m² berørt av at det er fylt på noko jord for få år sidan. Enga nordaust for lokaliteten blir svakt gjødsla med gamal husdyrgjødsel, utan at ein kan sjå nokon verknad av det inne på lokaliteten. Arealet har nok vore noko påverka av vegen (salting, strøing), men dette er minkande no etter at hovudtrafikken går i tunnel.

Fremmede arter: Bjarkøyspirea, fagerklokke, kantkonvall, krypfredlaus, platanlønn, snøklokke.

Del av helhetlig landskap: Engene i nærområdet er prega av småskalalandbruk der alle grasressursar har blitt nytta og framleis blir det.

Verdivurdering: Verdisettinga blir prega av at det i lokaliteten truleg er mindre areal som eigentleg har A-verdi og ein del areal som ikkje når høgare verdi enn C. Arealet har høg landskapsverdi, og hevdstilstanden er for størstedelen av arealet svært god. Verdi B – viktig, er vald sidan ein til no har få funn av raudlisteartar.

Skjøtsel og hensyn: Mesteparten av arealet blir slått årleg ganske seint, og deretter etterbeita, ein skjøtsel som truleg er optimal for å ta vare på dei biologiske verdiane som finst, og restaurere kantareal. Eigar er svært positiv til denne skjøtselen. Det vil vere bra om det blir tynna ytterlegare litt mellom trea på lokaliteten. Dei framande artane bør ein redusere. Arealet må ikkje gjødslast, sprøytast eller pløyast.